

Kulturmiljøplan for Hemsedal kommune

2026-2029



Vedteken i kommunestyret:
17.06.2026
Sak 32/2026

Kunnskapsgrunnlag ligg ved som separat dokument (vedlegg 1)

Føreord

Ein kulturmiljøplan er kommunen sin oversikt over verneverdige kulturminne og kulturmiljø i kommunen og inneheld ein plan for forvaltninga av desse. Kommunane definerer sjølve kva for kulturminne som er verneverdige og som skal inngå i kulturmiljøplanen. (jf. Riksantikvarens rettleiing om kulturmiljøplanar i kommunane).

Dette er Hemsedal sin fyrste kulturmiljøplan. Det er behov for å utvikle meir kunnskap og byggje opp lokal kompetanse for kartlegging, registrering, ivaretaking og formidling av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Prosjekt og prosessar som er tekne med i handlingsdelen, vil forankre tiltaka og lette arbeidet med finansiering og iverksetjing.

I Hemsedal har vi mange landskap med store kulturlandskapsfaglege verdiar som er viktige for både innbyggjarar og gjester i bygda. Planen legg vekt på å få fram kva rolle kulturminna og kulturmiljøa spelar for stadkjensla og forståinga av staden sin eigenart, og korleis dei inngår i utviklinga av lokalsamfunnet. Kulturmiljøplanen skal skildre det som både

er meiningsberande og unikt, og gje det eit «planspråk», slik at vi kjenner det att og evnar å ta vare på verdiane for framtida.

Kommunedelplanen for kulturmiljø (2026–2029) skal vere eit verktøy for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som ikkje har formelt vern. Planen er eit politisk dokument, godkjent av kommunestyret, og viser kva retning Hemsedal skal gå i fram mot 2030. Planen skal danne grunnlag for ivaretaking av kulturmiljø og landskap i andre planar og strategiar. Slik er han òg ein arbeidsreiskap ved sakshandsaming og ei rettleiing for innbyggjarane og utbyggjarane. Hanne Lykkja har vore prosjektleiar og stått for utarbeiding av kulturmiljøplanen og kunnskapsgrunnlaget. Sissel Carlstrøm har kvalitetssikra kulturfagleg innhald og skildringar av kulturmiljø og landskap.

Arbeidet med planen har vore grundig og inkluderande. Gjennom fem grendemøte, innbyggjarundersøkingar (sertifisering for berekraftig reiseliv)¹ og ulike samarbeidsforum har kommunen fått innspel frå innbyggjarar og fritidsinnbyggjarar. Planen omfattar eit utval kulturminne og kulturmiljø som er viktige for bygda sin eigenart og reisemålet Hemsedal sitt særpreg.

¹ Innovasjon Noreg. *Merket for berekraftig reisemål*. Nasjonal ordning for systematisk arbeid med berekraft i reisemål.

Korleis er kulturarven og kulturmiljøet med på å gjere grendene gode å bu i og gode å besøkje. Kva vil vi sakne om det vart borte? Og kva viser vi fram når vi får besøk?

Det er behov for ei medviten forvaltning av kulturmiljø med gamle kulturminne og ny bruk. Som eitt av dei største reisemåla for fjell og ski er det stort press på Hemsedal sine fellesgode. Utviklinga av heilårlege reiselivstilbod set ytterlegare press på areal og lokalsamfunn. Kulturmiljøplanen er eit verktøy for ei framtidretta stadutvikling. Omsyn til kulturminne og kulturmiljø

er viktig for stadkjensla både når det gjeld bumiljø og forvaltning av bygda sine fellesgode.

Planen skal bidra til ein landskapsbruk som sikrar at kunnskap og viktige kulturspor og det spesielle ved Hemsedal ikkje går tapt, men blir medvite teke med vidare inn i framtida.

Hemsedal, 17. juni 2026

Pål Rørby

Ordfører



Innhold

Lesarvegleiing	7
Samandrag	10
1. Innleiing	17
1.1. Plan for å ta vare på kulturmiljøa våre	18
1.2. Mål for Hemsedal: Utvikling av stadkjensla og vern gjennom bruk.....	20
1.3. Døme på konkrete bruksområde	22
2. Utarbeiding og bruk av kulturmiljøplanen	24
2.1. Globale trendar: Meir fritidsbruk, mindre naturbruk og klimaendringar	26
2.2. Strategi for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	28
2.3. Besøksforvaltning i sårbare kulturmiljø og kulturlandskap.....	30
2.4. Lokale utfordringar kring framtidig bruk og vern	32
2.4.1. Endringar i landbruket og nye måtar å bruke kulturlandskapet på.....	32
2.4.2. Endringar i reiselivet og nye måtar å oppleve natur- og kulturlandskapet på	33
2.4.3. Klimaendringa og klimatilpassing	35
2.5. Organisering av arbeidet og medverknad i planprosessen	36
3. Overordna trekk ved kulturmiljø og landskap i Hemsedal	41
3.1. Stadkjensla	42
3.2. Busetnad og byggjeskikk i Hemsedal.....	43
3.3. Fjellandbruket sitt kulturlandskap	48
3.4. Kulturlandskapstypar i fjellbygda Hemsedal.....	50

3.5.	Fjellovergangane – Ferdavegar knytt til dei store ferdselsårene	54
3.6.	Reiselivslandskapet	58
3.7.	Tre grender: Tuv, Trøym og Ulsåk	61
3.8.	Sagn og historie som fargar kulturminne og kulturmiljø	65
3.9.	Andre registrerte kulturminne frå lokalhistorielaget eller Kulturminnesøk	66
4.	Koplingar mellom kulturmiljøplanen og kommuneplanen	67
4.1.	Forslag til omsynssoner i arealdelen av kommuneplanen.....	68
4.2.	Forslag til føresegner og retningsliner i arealdelen av kommuneplanen ...	69
4.3.	Kulturminnelista	69
4.4.	Kart - Temakart med alle kulturminne, kulturmiljø og landskap	70
5.	Handlingsplan	71
5.1.	Tiltak i handlingsplanen	72
5.2.	Oppfølging av handlingsplanen – hovudelement.....	75
5.3.	Økonomiske støtteordningar.....	76
6.	Referanseliste	78
VEDLEGG 2 – 7	88

Lesarvegledning



Dersom lesaren ynskjer å få ei rask oversikt, kan det vere greitt å lese føreord, samandrag, innleiing og handlingsplan. Dersom lesaren er mest interessert i å lese dokumentet med skildringane av dei utvalde landskapa (vedlegg 1), vil det vere ein fordel å lese om dei overordna landskapstrekka og verdiane som desse representerer i kap. 3 fyrst. Metode for kartlegging og vurderingar er omtala i kap. 2.

Denne planen er bygd opp på følgjande måte:

KAPITTEL

- **Kapittel 1** gir ein introduksjon til planen, med nasjonale mål, mål for kulturmiljøplanen for Hemsedal og døme på konkrete bruksområde.
- **Kapittel 2** gir ei innføring i kva den nye kulturmiljøpolitikken går ut på, og kva for globale trendar og lokale utfordringar som gjer det aktuelt for Hemsedal. Så følgjer grunngjeving for vektlegging av tema og for måten arbeidet er organisert på (metodisk tilnærming).
- **Kapittel 3** er ei innføring i overordna trekk ved kulturmiljø og kulturlandskap i Hemsedal. Det er ei oppsummering av kunnskapsgrunnlaget og ei samanstilling av hovudfunn basert på kartlegging og innspel frå folkemøte og ulike ressursgrupper.
- **Kapittel 4** tek for seg koplingar mellom kulturmiljøplanen og kommuneplanen, og då særleg innspel til arealdelen.
- **Kapittel 5** presenterer moglege tiltak i handlingsplanen som tek vare på kulturminne og kulturmiljø, og som støttar opp om og styrkar landskapskarakter og stadkjensle til bygda. Oversikt og lenker til aktuelle støtteordningar.

VEDLEGG

- **Vedlegg 1** Kunnskapsgrunnlaget er presentert i eige dokument. Dei utvalde områda har kvalitetar som til saman representerer kjerneverdiane til kulturmiljøa i Hemsedal. Analysane skildrar representative landskapsområde, ei strekning langs ei viktig historisk ferdselsåre eller eit enkeltstående kulturminne.
- **Vedlegg 2** har ei liste med definisjonar av sentrale ord og uttrykk brukte i kulturmiljøplanen.
- **Vedlegg 3** omtalar kort sentrale lover som er viktige for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø i kommunane.
- **Vedlegg 4** er ei samling med døme på korleis ein kan formulere retningsliner for verneverdige bygningar og kulturmiljø.
- **Vedlegg 5** har døme på tilrådde rutinar for plansaker og byggesaker.
- **Vedlegg 6** har oversikt over sentrale aktørar innan kulturmiljøarbeidet og kva for roller og ansvar dei har.
- **Vedlegg 7** er døme på forventningar og overordna føringar for kulturmiljøpolitikken, slik dei er vedtekne av nasjonale styresmakter, Buskerud fylkeskommune og Hemsedal kommune gjennom kommuneplan og andre planverk.

Samandrag



Kulturmiljøplan - ein plan for kompetansebygging og forvaltning av kulturmiljø

Denne kommunedelplanen tek føre seg kulturminne og kulturmiljø frå tidlegare tider og fram til vår tid, med hovudvekt på kulturlandskap, kulturmiljø og faste kulturminne frå nyare tid. Mange kulturminne er registrerte, men det manglar framleis ein del informasjon, noko som krev utfyllande registreringar. I arbeidet er det samla inn og systematisert kunnskap, gjort faglege vurderingar, og desse er framstilte i tekst, bilete og på kart. Planen er eit politisk dokument og styringsverktøy, ein arbeidsreiskap for tilsette og ei rettleiing for eigarar og innbyggjarar. Han er ikkje juridisk bindande, slik kommuneplanen sin arealdel er, men er utarbeidd med brei medverknad i planprosessen og inviterer til deltaking i det vidare arbeidet.

Forhold til andre planar

Kulturmiljøplanen byggjer opp under Regional plan for Buskerud, som er på høyring våren 2026.² Planen skal vere retningsgivande for arealplanar, byggesaker, omsynssoner og kulturminneforvaltning. Kommunedelplanen er ei oppfølging av kommunal planstrategi 2023–2027 og er forankra i Kulturminnelova § 2 og Plan- og bygningslova §§ 1–1 og 3–1.³

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare verdier. Planen vil styrkje kunnskapen om desse verdiane og leggje til rette for ei meir berekraftig forvaltning, med vern gjennom bruk som eit grunnprinsipp. Kulturmiljøplanen byggjer opp under og forsterkar føringane i mellom anna sti- og løypeplanen/FIFA-planen, landbruksplanen (under utarbeiding), beitebruksplanen og næringsplanen (under utarbeiding). Den pågåande prosessen med kommuneplanen sin arealdel er særleg viktig for koordinering av tiltak, spesielt for område som det er aktuelt å ta inn i arealdelen med omsynssoner og retningslinjer.

² Buskerud fylkeskommune (2026). *Buskerudplanen – regional plan for Buskerud* (høyringsutkast).

³ Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova).

Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova).

Mål med planen: Vern gjennom bruk, betre forvaltning og stadutvikling

Det er vedteke tre nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken:⁴


- 1) Alle skal ha mulegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- 2) Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilheitleg samfunnsplanlegging.
- 3) Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Kulturverdiar knytt til kunnskap, oppleving og bruk må vere med når ein diskuterer næringsutvikling, utbygging, ombygging, fortetting, klimatilpassing, bruk og gjenbruk: Kva vil vi ta med oss vidare inn i framtida, korleis kan dei som kjem etter oss ha dei same opplevingane som vi har, og korleis kan kulturverdiane brukast på ein berekraftig måte?

Med denne planen viser Hemsedal kommune at ein er betre budd på utfordringane som kjem. Tre trendar utfordrar Hemsedal til å jobbe bevisst med forvaltning av kulturminne og kulturmiljø:

- 1) Fleire aktive besøkande og fleire aktive innbyggjarar.
- 2) Færre som veks opp med nær kontakt med primærnæringar og naturbruk.
- 3) Våtare og meir ustabil klima.

⁴ Klima- og miljødepartementet (2020). Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, berekraft og mangfald.*




Kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på og brukast aktivt i arbeidet med stadutvikling og forsterking av Hemsedal sitt særpreg og eigenart gjennom planen sine tre hovudmål:

- 1) Vern gjennom bruk,
- 2) Betre forvaltning og
- 3) verktøy for trivsel, stadutvikling og stadkjensle.

Planen skal vere eit verktøy for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø som ikkje har formelt vern. Han legg vekt på å få fram korleis kulturminna og kulturmiljøa er viktige for stadkjensla og forståinga av staden sin eigenart, og kva rolle desse kan spele i utviklinga av lokalsamfunnet. Planen synleggjer det som er meiningsberande og unikt, og gir desse verdiane eit planspråk som gjer dei lettare å kjenne att og ta vare på vidare.

Dette er Hemsedal kommune sin fyrste kulturmiljøplan. Det er ein dynamisk plan som skal reviderast kvart fjerde år. Tiltaka i handlingsdelen for dei neste fire åra skal koplast til måla i planen. Handlingsdelen med ulike tiltak skal handsamast av kommunestyret ein gong i året, i samband med budsjettet. Tiltak som blir foreslått der, skal utvikle meir kunnskap og byggje opp lokal kompetanse for kartlegging, registrering, ivaretaking og formidling av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Møller og bekkverkner var det mange av. Brekkhusmølla (foto s. 12 +13) er sett i stand att. Dei kan leggjast inn i kulturmiljøkartet som punkt med faktaark. Slik vi og kan gjere med smier, sagbruk, bruer/bru-kar, torvuttak, hoppbakkar og danseplassar, sløer og fiskebuer, og område med segner og historie.



Utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd med innspel frå ulike prosjekt, planar og planprosessar, ei rekkje grendemøte, ei innbyggjarundersøking (knytt til berekraftig reisemål), og eit kurs for vurdering av bygningar med kulturhistorisk verdi. Det er også gjennomført ein landskapsressursanalyse, der ein legg vekt på både naturfaglege, kulturfaglege og brukaropplevde sider ved landskapet. Det er ein samskapingsprosess der lokalsamfunn, innbyggjarar, fagfolk og planleggjarar samarbeider om å kartlegge og analysere kvalitetar i landskapet, bruksmønster og verdier. Drøftingane har skjedd i fleire arbeidsgrupper, ein større arbeidsverkstad og med eksterne fagfolk. Slik har utveljinga av viktige kulturmiljø og skildringane av område, ferdavegar og kulturminne blitt til i eit samarbeid. Innsikt, kompetanse og kunnskap er dermed bygd opp lokalt, samstundes som tiltaka er godt forankra. Skildringar av utvalde område er presentert i eige dokument (vedlegg 1).

*Klokkarsteinen (foto) – Hemsedal sin tusenårsstad
Ved Utsåk finn vi Klokkarsteinen, den mest markante steinformasjonen ved
Heimsil, - eit enno levande minne om folk sin trong til å knyte segner til
uvanlege naturformasjonar og til å bruka fantasien for å forklare korleis dei
har vorte til. Ikkje minst kan Klokkarsteinen stå som eit minnesmerke over
kristendomen og kyrkja sin plass i det gamle bondesamfunnet. Tre ulike
segner er knytt til kyrkjeklokkene til Skadvinkyrja, stavkyrkja i Hemsedal.*



Vidare oppbygging og bruk av kunnskapsgrunnlaget

Det er behov for ei medviten forvaltning av kulturmiljøa i Hemsedal. Dei utvalde områda har kvalitetar som til saman representerer kjerneverdiane til kulturmiljøa i Hemsedal. Analysane skildrar representative landskapsområde, ei strekning langs ei viktig historisk ferdselsåre eller eit enkeltstående kulturminne. Andre stader i kommunen kan ha like store verdiar og analysane har overføringsverdi og er meint å vere til hjelp for å skildre og verdsetje andre område med liknande kvalitetar.

- **Registrerte bygningar:** Kulturminnegruppa registrerer, i samråd med eigar, eldre bygningar med spesiell lokalhistorisk verdi. Ein startar med bygningar registrerte i rapport frå 2020. Registreringane blir lagt inn i Kulturminnesøk (Kulturminnesok.no) og registrerte hus får ein eigen signatur her. Det er eit digitalt register som ligg under Riksantikvaren og er gratis og ope for alle å gå inn på. Utvalde bygningar frå denne fyrste kartlegginga kan, etter samråd med eigar, bli ført opp på kommunen si kulturminneliste.
- **Kulturminnelista:** Bygningar som er listeført, dvs. at dei er med på kulturminnelista som er vedteken av kommunestyret, får eigen signatur på kommunekartet. Desse bygningane har høgast prioritet om ein vil søke tilskot til ivaretaking eller formidling. Vern gjennom bruk er eit mål også for desse bygga, når bruken samstundes tek omsyn til og styrkar verneverdiane. Kulturminnelista blir vedteken av kommunestyret og kan utvidast etter kvart som ein har kartlagt fleire bygningar og anlegg.
- **Område med skildringar:** Fjellandbruket har område med kjerneverdier knytt til jordbruksmiljø i dalbotnen, kring liagardar, heimstølar og langstølar, samt ressursutvinning i utmarka (jernvinne) og jakt og fangst i høgfjellet (fangstanlegg). Ferdavegar: Kartlegging og vurdering av ulike strekningar av Kongevegen er starta opp. Andre ferdselsårer kjem etter kvart. Turistbygda Hemsedal: satsing på fritid og turisme har ført til store endringar i dei tre grendene. Kulturmiljøplanen oppfordrar til å drøfte nærmare kva for kulturspor ein ynskjer å ta med vidare inn i framtida (tiltak i handlingsplanen). Alle utvalde kulturmiljø som er skildra i kulturmiljøplanen, er teikna inn på ein digital kartkladd som ligg ope på kommunekart.no.

- **Kulturmiljøkartet:** Temakartet som viser kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa som er føreslåtte, blir ikkje juridisk verna i den vedtekne kulturmiljøplanen. Ei slik temakartlegging kan likevel gjere det lettare å ta omsyn til særtrekk og søkje støtte til ivaretaking. Dette gjeld både for føreslegne landskapsområde, ferdavegar med ulike strekningar, spesielle kulturminne og kulturmiljø knytte til reiselivet. Det er mogleg at områdeskildringane kan bli presenterte som faktaark som kan følgje kommunekartet. Slike faktaark kan då òg leggjast ved søknader. Det same gjeld for utvalde delar av Kongevegen og andre ferdavegar og kulturminne. (Eige tiltak i handlingsdelen)
- **Arealplankartet:** Dersom utvalde kulturområde, strekningar eller kulturmiljø treng ivaretaking utover det dei generelle føringane for kvar arealklasse i arealplanen gir, kan dei få egne omsynssoner med retningsliner i kommuneplanen sin arealdel. Omsynssoner er juridisk bindande. Kulturmiljøplanen er slik ein del av kunnskapsgrunnlaget for arealplanarbeidet. Planen føreslår mellom anna at dei mest intakte og verdifulle strekningane av Kongevegen får omsynssoner i arealdelen (jf. skriv frå fylkeskommunen). Det gjeld òg for landskapsvernområdet Hydalen og kulturlandskapet av nasjonal verdi Joleimsmyrane. Enkelte stølsområde bør truleg òg løftast fram her, sidan stølsdrift som levande kulturarv er komen inn på UNESCO si verdsarvliste.

Tiltak i handlingsplanen

Handlingsplanen er ei oversikt over prioriterte tiltak med forslag til gjennomføringsplan. Tiltaka byggjer på mål og strategiar i kulturmiljøplanen. Endeleg prioritering og gjennomføring av tiltak vert ein del av kommunen sitt årlege arbeid med økonomi og handlingsplan for kommunen. Ein kan setje opp tiltak her, sjølv om ein ikkje har finansieringa klar. Tiltak i kulturmiljøplanen sitt handlingsprogram viser at dei er forankra, noko som nettopp kan bidra til å løyse ut støtte frå andre (delfinansiering).

Vedlegg 1 Kunnskapsgrunnlag (eige notat) omhandlar definisjonar av omgrep, forhold til lover og reglar, forslag til formulering av retningsliner og føresegner, sakshandsamingsrutinar, roller og ansvar, og overordna føringar i nasjonale, fylkeskommunale og kommunale planverk.

1. Innleiing



1.1. Plan for å ta vare på kulturmiljøa våre

Ein kulturmiljøpolitikk som inviterer til engasjement og medskaping.

Formålsparagrafen i kulturminnelova seier at kulturminne skal sjåast som ein del av ei heilskapleg ressursforvaltning. Men kvifor og korleis vernar vi om viktige kulturmiljø og kulturminne? Kulturmiljøa er fulle av spor frå ulike delar av historia vår. Slike spor kan vere reiskapar og bergkunst, bygningar og anlegg, kulturmiljø og landskapstrekk. I tillegg er tru, segner og tradisjonar ofte knytte til landskapet. Dette er døme på typar av fellesgode og viktige samfunnsressursar som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Tre nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken som inviterer til engasjement og medskaping er utdjupa i [Riksantikvaren sin vegleiar](#) frå 2025:⁵

1. Alle skal ha høve til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
2. Kulturmiljøa skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
3. Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap er ein føresetnad for at vi i framtida kan oppleve historia til eit område, kjenne på stadkjensla, sjå tidsdjubda, forstå kva som gir eit område identitet og særpreg. Her i Hemsedal er kulturlandskapa prega av fjellandbruket sine tradisjonelle driftsmetodar for hausting og dyrking, av ferdselen over fjellet, som ein viktig fjellovergang mellom aust- og vestlandet, og i den seinare tid: ferdselen til fjells. Kva er det som gjer Hemsedal til Hemsedal? Kva gjev oss stadkjensle? Kva er typisk, kva er spesielt? Kva er vanleg i Hemsedal, men sjeldan andre stader? Hemsedal er framleis ei fjellbygd med sterkt landbrukspreg, men mykje har endra seg dei siste tiåra. Både dei som kjem på besøk og dei som bur her, er aktive ute i skog og fjell heile året. Denne kulturmiljøplanen tek for seg korleis ein kan verne om verdiane som del av den kommunale samfunnsplanlegginga.

⁵ Klima- og miljødepartementet (2020). Meld. St. 16 (2019–2020) / Riksantikvaren (2025). *Hvorfor og hvordan verner vi viktige kulturminner og kulturmiljøer?*

Kunnskapsgrunnlaget byggjer på ei landskapsressursanalyse som er utarbeidd gjennom deltakande kartlegging.⁶ For handlingsrommet for å ta vare på kulturmiljøa våre, formidle og leggje til rette, er mykje større om vi jobbar i lag, på tvers av grenser og forvaltningsområde. Det gode samarbeidet med historielaget, ulike grendelag, frivilligsentralen og turistkontoret viser korleis vi saman kan byggje opp kompetanse på registrering, arkivering og kulturforvaltning lokalt. Og at vi er mange som har glede av å oppleve og ta vare på desse kulturverdiane, og ser dei som ressursar for den vidare utviklinga av Hemsedal.

Alle verneverdige og viktige kulturmiljø er ikkje med i denne planen. Mange objekt og miljø er framleis ikkje registrert eller verdivurdert. Planen må difor sjåast som byrjinga på ein prosess der vi startar eit langsiktig, strategisk arbeid med utfylling av manglar og påfyll og vedlikehald av kunnskap. Planen legg opp til systematisk oppbygging av kunnskap om kulturminne og kulturmiljø, med revisjonar som inneber oppdaterte og forbetra strategiar for bruk og vern, formidling og forvaltning.



KUL:VERDI-metoden blir til: Kulturminnegruppa i Hemsedal blir kursa av fylkeskommunen og utviklar metoden vidare i Hemsedal, med Hanne Lykkja og Sissel Carlstrøm som rådgjevarar.

⁶ Sjå vedlegg 1 *Kunnskapsgrunnlag og metodeomtale* i kapittel 2.5. Basert på Europarådet (2000). *Den europeiske landskapskonvensjonen* og Puschmann, O. (1998). *Nasjonalt referansesystem for landskap*.

1.2. Mål for Hemsedal: Utvikling av stadkjensla og vern gjennom bruk

Hovudmål med planen er at kulturspor og levande kulturmiljø skal takast vare på og brukast aktivt i arbeidet med stadutvikling og forsterking av Hemsedal sitt særpreg og identitet.

Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk. Dette ynskjer Hemsedal kommune å oppnå gjennom følgjande innsatsområde:

1. **Vern gjennom bruk:** Omfattar innsats som bidreg til å ta vare på kulturmiljø, slik som skjøtsel, sikring, istandsetjing og restaurering, og tiltak som fremjar bruk av kulturmiljø. Det er eit mål å få til eit tett samarbeid med eigarar og organisasjonar som jobbar aktivt med vern og formidling, slik at ein kan sikre verdifulle kulturminne, kulturmiljø og landskap for framtida. Det kan inkludere både vidare bruk, ny eller endra bruk og ombruk
2. **Kunnskap og kompetanse:** Omfattar innsats som kartlegging av kulturminne og kulturmiljø som kjem på kommunen si kulturminneliste, eller rådgjeving om bruk som byggjer opp under kulturmiljøet, og som inkluderer det i reiselivet og anna næringsaktivitet på ein respektfull måte. Det kan òg vere kunnskapsutvikling og forskning. Betre forvaltning av kulturminna og kulturmiljøa i kommunen. Planen skal, saman med temakartet, bidra til raskare sakshandsaming i dei ulike etatane. Han skal gi ei oversikt over kulturminne og kulturmiljø i kommunen, og peike på kva som manglar for å få eit heilskapleg bilete av no-situasjonen. Det skal bli enklare å byggje vidare på kunnskapsgrunnlaget ein har i dag. Kommunen skal setje i gang arbeid med å lage retningsliner for istandsetjing, ombygging, nybygging og slik gjere det enklare å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Kommunen skal styrke kompetanse på korleis ein kan førebyggje og ta vare på kulturminne og kulturmiljø ved klimaendringar.⁷ Metodar for restaurering, ombygging og sikring av verdifulle bygningar skal inkludere gode materialval og løysingar som bidreg til å redusere klimagassutslepp. Kommunen skal bidra med rådgjeving og informasjon om økonomiske tilskotsordningar som støttar opp om desse måla. Kulturminnelista blir vedteken av kommunestyret.

⁷ Riksantikvaren. 2021. *Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021–2030*.

3. **Oppleving og engasjement:** Omfattar innsats som tilrettelegging, formidling, stadutvikling, reiseliv og anna næringsutvikling. Det kan òg vere aktivitetar som legg til rette for inkludering og deltaking frå frivillige, eigarar og enkeltpersonar. Stadutvikling der gode og attraktive nærområde og bumiljø styrkar lokal identitet og stadkjensle. Auka tilflytting og besøksstraumar med stadig fleire nye og aktive brukarar heile året, betyr at besøksforvaltning blir viktig for stadkjensla i alle grendene, både som ei plattform for samarbeid og som eit verktøy for auka trivsel, bulyst og brei verdiskaping. Stadkjensla ein ynskjer å styrke, skal skape gode møteplassar og bidra til å byggje ei felles forståing av kva det gamle Hemsedal og det nye Hemsedal kan utvikle seg til i framtida.

Aktiv tilrettelegging av kulturminne og kulturmiljø skal vurderast særskilt for å styrkje stadkjensla i tettstadane Ulsåk, Trøym og Tuv og grendene imellom. Grendene opp mot fjellet frå Lio, Grøndalen og Lykkja skal likeeins velje ut tiltak som styrkar deira særpreg, i grendene og i stølsområda. Dette er sett opp som tiltak i handlingsplanen, og kan med fordel koordinerast med eller inngå i andre satsingar og prosjekt som gjeld stadutvikling.

Det er glidande overgangar mellom natur og kultur. Og både natur og kultur endrar seg stadig. Vi kartlegg gamle danseplassar og hoppbakkar. Dei har mange historier knytt til seg. Kva for segner og historier er det som skapar stadkjensle, kultur og miljø? Kor viktig må ein badeplass vere som aktivitets- og møteplass, for folk i bygda og for folk frå heile verda, før vi tenkjer det er eit kulturmiljø – som bør inn i ein kulturmiljøplan? Eller ein annan plan?



Er Rjukandefoss berre ein naturattraksjon? Kva for tradisjonar skal vere knytt til ein badeplass, før det blir eit kulturmiljø?

1.3. Døme på konkrete bruksområde

I den kommunale arealplanlegginga skal ein ta stilling til kva for verdier vi som samfunn skal ta med oss inn i framtida. Kva vi skal byggje og kor vi skal leggje til rette for bruk, og kva for område vi skal ta vare på og verne på ulike måtar. Den overordna bruken av kulturlandskapet, kulturmiljøa og dei enkelte kulturminna er mykje styrt gjennom plan og bygningslova, som t.d. ressursutnytting for jord- og skogbruk, til bygg og anlegg eller som opplevingsområde for sport, fritid og rekreasjon.

Kommunedelplanen kan vere ei konkretisering av arealbruk eller fokusområde frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Den kan også føreslå ny arealbruk eller nye målsetnader. Desse må då innarbeidast i kommuneplanen og i handlingsprogrammet. At eit kulturminne eller kulturmiljø er omtala i planen inneber ikkje i seg sjølv at det har noko form for lovfesta vern. Om ein ynskjer å sikre område eller objekt juridisk, må dei takast inn i kommuneplanen sin arealdel.⁸ Regulering av utvalde kulturminne til omsynssoner i kommuneplan, kommunedelplan eller områdeplan med tilhøyrande føresegner og retningsliner, jf. plan- og bygningslova, gjev rammer for korleis dei skal forvaltast.

Bygningar og kulturmiljø som kjem på kulturminnelista kan få ein slik status med føresegner i arealplanen, og retningsliner i kommunedelplanen. Det same gjeld t.d. intakte og verdifulle strekningar av kongeveggen og andre ferdavegar som ein vil ta spesielt vare på.



⁸ Plan- og bygningslova §§ 11-8 og 11-9.

Areal- og byggesaksbehandling der planen kan nyttast:

- som grunnlag for prioritering og retningslinjer i byggesaker
- som støtte i utvikling av tettstader
- som fagleg grunngeving for omsynssone i juridisk bindande arealplanar (kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar eller reguleringsplanar)
- som grunnlag for krav om konsekvensutgreiing (KU), til dømes i kommuneplanen
- for å gje kunnskap om kulturminne i utbyggingsprosessar

Andre kommunale sektorar der planen kan nyttast (til dømes folkehelse, oppvekst og utdanning, kultur og næringsutvikling, besøksforvaltning):

- bruk av kulturminne og lokalhistorie i undervisning
- kulturminne som grunnlag for gode opplevingar, identitet, trivsel og samhald
- tilrettelegging av turløyper, besøksforvaltning og toleevne for bruk av kulturminne og -miljø
- engasjement i lokalsamfunnet (lag og foreiningar, velforeiningar, aktive eigarar m.m.)
- grunnlag for lokalt næringsliv, til dømes reiseliv

- besøksattraktivitet, merkevarebygging og rammer for aktivitetar (kulturarrangement, tiltak for spesielle grupper som eldre, reiselivsattraksjonar m.m.)
- styrkt lokalt medvit om og interesse for kulturminne

Tilskots- og økonomiforvaltning der planen kan nyttast:

- for prioritering ved tildeling av midlar til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
- som grunnlag for skattelette (til dømes redusert eigedomsskatt)
- ved prioritering av SMIL-midlar, søknader til kulturminnefond m.m.
- for føreseieleg planlegging i samband med kommunal økonomiplan

Kommunal eigedomsforvaltning:

- prioritering av midlar til forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som kommunen eig eller har vedlikehaldsansvar for

2. Utarbeiding og bruk av kulturmiljøplanen



Samarbeidsrådet for Hydalen landskapsvernområde møttest ein gong i året og følgjer opp tiltak og legg planar for skjøtsel og vedlikehald. Landbrukskontoret følgjer opp arbeidet, då det gjerne er tiltak knytt til beitebruk.

I 2020 vart stortingsmeldinga *Meld. St. 16* «Nye mål i den nasjonale kulturmiljøpolitikken» lagd fram.⁹ No snakkar ein ikkje lenger berre om kulturminne og kulturvern, men om kulturmiljø og kulturmiljøpolitikk. Det er eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Omgrepet understrekar verdien av heilskap og samanheng, og koplinga til den øvrige klima- og miljøpolitikken blir tydelegare. Engasjement, berekraft og mangfald var undertittelen på meldinga. Involvering av dei som tek vare på kulturminna, nemleg eigarane, får stor merksemd. Det same gjeld ombruk og istandsetjing av kulturminne og kulturmiljø. Det er samfunnsnyttig av omsyn til klima, ressursbruk og økonomi.

Arbeidet med planen har skapt stort engasjement. Mange aktive ressursgrupper og ressurspersonar har vore i sving, både lokalt og regionalt. Kommunen har fått brei støtte frå Riksantikvaren til arbeidet, og svært god og inspirerende fagleg støtte frå fylkeskommunen. Mange gode prosessar er i gang. Det har skapt motivasjon og pågangsmot både i kommuneadministrasjonen, historielaget, grendelaga, grunneigarlag, sankarlag og turisttrafikklaget, og hjå enkeltpersonar som eig gamle hus eller brenn for ulike tema innan kulturmiljøfeltet. Mange er engasjerte og vil gjerne ha med fleire tema og område.

⁹ Klima- og miljødepartementet. 2020. Meld. St. 16 (2019–2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, berekraft og mangfald. Oslo: Klima- og miljødepartementet.



2.1. Globale trendar: Meir fritidsbruk, mindre naturbruk og klimaendringar

Tre trendar utfordrar Hemsedal til å jobbe bevisst med forvaltning av kulturminne/kulturmiljø:

1. Fleire aktive besøkande og fleire aktive innbyggjarar
2. Færre som veks opp i nær kontakt med primærnæringar (naturbruk)
3. Våtare og meir ustabil klima

Riksantikvaren har i eigne bevaringsstrategiar for landbruket sine kulturmiljø og for kulturmiljø i byar og tettstader peika på behovet for å møte desse utviklingstrekk med meir medviten forvaltning. Det gjeld bygningar i jordbruket, jordbrukslandskapet, i skog og i reindriftsområde. Prioriterte område er bygningane på den førindustrielle garden, einheitslåven (ofte raude låvar) og stølshus. Arkeologiske kulturminne, bygningsmiljø med særpreg, fellesskapet sine bygningar og uterom der vi møtest, er òg viktige. Kulturmiljø knytte til der vi bur, handlar om bustadhistoria og korleis folk har levd gjennom alle tider. Bustader utgjør ein vesentleg del av kulturhistoria og karakteren til bygder og byar. I mange fjellkommunar har fritidsbustadene bidrege til stor lokal verdiskaping, men ikkje utan skjulte kostnader.

Fritidsbruk


Fritidsbruken og opplevingsindustrien pregar stadig meir av kulturen og kulturlandskapet - og landbruket sitt kulturlandskap. Viktige og sårbare natur- og kulturområde skal takast vare på for framtida. Difor må lokalsamfunnet vere sterkt involvert i planar og prosessar. Når besøksforvaltning blir integrert i planarbeidet, kan fellesgode forvaltast med større vekt på lokal kunnskap og prioriteringar, slik Transportøkonomisk institutt peikar på i rettleiing om besøksforvaltning i planarbeid. Plan- og bygningslova legg til grunn medverknad i planprosessar. Den er på mange måtar den viktigaste lova både for kulturmiljøet og for tilrettelegging for kunnskap, oppleving og bruk. Men urbaniseringa fører til at stadig færre kjenner godt til primærnæringane. Hemsedal kommune har etablert eit besøksforvaltningsråd og fleire gode samarbeidsforum der ulike aktørar og brukarinteresser møtest og løyser flokar. Kunnskapsgrunnlaget og handlingsplanen foreslår mange tiltak for vidare samarbeid mellom dei ulike aktørane.

Arealforvaltning

Nedbygging og omdisponering av areal til utbyggingsformål finn stad over heile landet, også i Hemsedal. Kulturmiljøplanen skal framheve kvalitetane i ulike kulturmiljø, og bidra til auka bevisstheit om konsekvensane av ny og endra arealbruk. Her er fjellandbruket sitt kulturlandskap viktig, for matproduksjon og for biologisk mangfald. Plassering av hytter og reiselivsbygg i og nær stølsområde får følgjer for beitebruken. Ombygging av bygdesenter til turistsenter påverkar møteplassane, fellesskapet sine bygningar og uterom. Kulturminne og kulturmiljø er krydderet i dette landskapet, det er med på å gi Hemsedal identitet og særpreg. Det pregar landskapskarakteren og skapar stadkjensle.

Klimaendringar

Kulturminne frå både eldre og nyare tid står no i fare for å gå tapt, fordi klima og miljø endrar seg raskt og av og til dramatisk. Fuktigare klima og ustabile vintrar gjer at gamle lafta hus treng takrenner, eller dei rotnar fordi tradisjonell drenering ikkje lenger er bra nok. Ras og flaum set kulturminne og kulturmiljø i fare for å bli øydelagde eller borte. Riksantikvaren si klimastrategi for kulturmiljøforvaltninga løfter særleg fram berekraftig arealforvaltning, ombruk og rehabilitering av eksisterande bygningsmasse. Korleis skal vi tenkje klimatilpassing i forhold til våre kulturminne og kulturmiljø? Kan vi behalde og bruke eksisterande bygg på nye måtar? Dette er ikkje minst viktig i tettstadane våre.



2.2. Strategi for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Planen skal vere eit politisk dokument, ein arbeidsreiskap for tilsette og ei rettleiing for innbyggjarane, i tråd med tilrådingar frå KS om kommunal planlegging.

Dette er ein kommunedelplan som inviterer til medverknad i planprosessen og deltaking i det vidare arbeidet. I arbeidet er det samla inn og systematisert kunnskap, gjort faglege vurderingar, og desse er framstilte i tekst, bilete og på kart. Handlingsprogrammet for dei neste fire åra er kopla til måla, strategiane og prioriteringane i planen.

Planen tek føre seg kulturminne og kulturmiljø frå tidlegare tider og fram til vår tid, med hovudvekt på kulturlandskap, kulturmiljø og faste kulturminne frå nyare tid. Mange kulturminne er registrerte, men det manglar framleis ein del informasjon, noko som krev utfyllande registreringar. Handlingsdelen foreslår tiltak for å utvikle meir kunnskap og byggje opp lokal kompetanse for kartlegging, registrering, ivaretaking og formidling av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Det digitale kulturmiljøkartet som er under utvikling, er difor også sett opp på tiltakslista. Det same gjeld pågåande registrering og verdivurdering av gamle bygningar. Registreringa vil skje i samråd med eigar. Utvalde bygningar frå denne kartlegginga kan, dersom eigar ynskjer det, bli ført opp på kommunen si kulturminneliste. Den vedtekne kulturminnelista kan utvidast etter kvart som ein har kartlagt fleire bygg og anlegg.

Planen skal vere eit verktøy for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø som ikkje har formelt vern. Den legg vekt på å få fram korleis kulturminna og kulturmiljøa er viktige for stadkjensla og forståinga av staden sin eigenart og kva rolle desse kan spela i utviklinga av lokalsamfunnet. Kulturmiljøplanen skal skildre noko av det som både er meiningsberande og unikt, og gje det eit «planspråk», slik at vi kjenner det att og evnar å ta vare på det for framtida.

Planen skal leggjast ut på kommunen si nettside med lenkjer til Kulturminnesøk, SEFRAK og kommunen sitt digitale kartgrunnlag. Kulturmiljøkartet er under utvikling og ligg no ope på kommunekart.com som «Kladd kulturmiljøplan Hemsedal». Områdegrensene som er teikna inn der, er berre omtrentlege. Administrasjonen ventar med å teikne/innpasse grensene nøyaktig inn til ein får innspela frå høyringa.

Kartet følger planen og ligg som eit digitalt kartlag i kommuneplankartet. Kartet er under utvikling. Enkeltstående kulturminne registrert i Askeladden kan lett koplast til og blir oppdatert der. Kulturminne i Askeladden blir ikkje lagt inn på temakartet. Unntak er førekomstar som har meir lokal verdi og treng meir utførleg omtale. Nedanfor er UKL-området Jordheimsmyrane dokumenter med 10 års mellomrom.

Attgroing av gamal og grøde-rik slåttemark går fort. Beiting åleine er ikkje nok. Det må i tillegg ryddast manuelt. Slike kulturmarkstypar er svært rike på bioglogisk mangfald. Når beita gror att, blir også sjølve beitet dårlegare for dyra.

Det blir etterkvart naudsynt å prioritere kva område som ein vil halde oppe. Dei Utvalde kulturlandskapa i Landbruket (UKL-områda) får tilført ekstra støtteordningar.

«Tilbakeblikk», NIBIO har her fotografert Grøte i 1994 og 2004 (tv,) og 2014 og 2024 (th) Endring frå slåttemark til beite, der skogen får veks fritt. Foto: Oskar Puschmann



2.3. Besøksforvaltning i sårbare kulturmiljø og kulturlandskap

Berekraftig bruk av sårbare område

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs. Planen vil styrke kunnskapen om desse verdiane og leggje til rette for ei meir berekraftig forvaltning, med vern gjennom bruk som eit grunnprinsipp. Det er behov for ei medviten forvaltning av kulturmiljø med gamle kulturminne og ein fritidskultur som tek stadig meir plass, både når det gjeld bygningar og store og små anlegg, men også bruk. Ferdsele påverkar trivsel og beitemønster for både ville og tamme dyr. Gamle kulturmarker og beitelandskap blir oppfatta som felles gode, felles opplevingsområde. Beitebruken, og stadig oftare - den manglande beitebruken, påverkar kulturlandskapet og brukarane både direkte og indirekte. Ikkje minst i stølsområda våre.

Ikkje alle kulturminne og kulturmiljø toler besøk. Nokon er så sårbare at dei ikkje eingong bør inn i denne planen, fordi det vil føre til for mykje merksemd. Kommunen har vald å ikkje ta med sårbare lokalitetar som er godt dokumentert i ulike registrert og kartdatabasar, der forvaltninga har oversikt. Slik er det også for naturverdiar som f. eks. rovfugltreir. Forvaltninga veit om dei, dei er freda eller har andre former for vern, men dei ligg ikkje på opne kartløyser.

Besøksforvaltning

Kulturmiljøplanen skal bidra til at innbyggjarane er med og styrer både reisemålsutviklinga og stadutviklinga av omsyn til gode bumiljø og landskapsbruk. Arbeidet med den aktive planen skal bidra til at kunnskap og viktige kulturspor og eigenart ikkje går tapt, men blir medvite teke med vidare inn i framtida.



Kommunen må formidle om kulturmiljøa, forvalte kulturverdiane og styre ny bruk og nye besøksstraumar på andre måtar enn før. Dette må ein gjere i lag med grunneigarane og dei som brukar ulike natur- og kulturområde, anten dei har reist kort eller langt. Og dei som marknadsfører bruken av områda må samarbeide om dette. Det krev nye former for samarbeid og samhandling og inngår i det ein kallar berekraftig besøksforvaltning. Dersom ein ynskjer å ta vare på særprega kulturminne og kulturmiljø anten dei er typiske (vanlege) eller sjeldan å sjå i Hemsedal, må ein «samarbeide på tvers» for å få det til. Handlingsplanen har fleire slike tiltak som inneber formidling, styring av ferdsel og ivaretaking av gode møteplassar – og skaping av nye – som toler besøk.



Bilde t.v er frå eit gammalt postkort av Fausko skystasjon ca. 1905. T.h. ser vi Eikre skystasjon og tunet på søre Eikre ei gong før 1930.

2.4. Lokale utfordringar kring framtidig bruk og vern

2.4.1. Endringar i landbruket og nye måtar å bruke kulturlandskapet på

Nedbygging av areal, tap av gode nærbeite, oppstykking av beiteområde, avskjering av trekkveggar eller eldre krøterstigar er forhold som gjer det meir tungvint å drive landbruk, og endringane påverkar slik både kulturen og kulturlandskapet.

Like viktig er uvettug bruk og manglande forståing som fører til slitasje mellom brukargrupper med ulike grunnverdiar. I 2025 la besøksforvaltningsrådet særleg vekt på ferdsel i utmark, allemannsplikta og laushund som tema i besøksforvaltninga. Eit anna tema har vore lysforureining, frå hytter, skianlegg og bustadområde.

Dette er endringar som påverkar måten vi opplever det tradisjonelle kulturlandskapet på. Folk som føler at kjerneverdiane ikkje blir sett, eller av uforstand slite ned eller kanskje til og med blir herja med utan medkjensle, kjenner på tap. Friluftsliv og fjellsport er i ferd med endre bruken av og synet på verdiane i det tradisjonelle kulturlandskapet. Beitebrukarane meiner den moderne forståinga av allemannsretten kan øydeleggje beitenæringa.

Mindre beitedyr og varmare klima aukar attgroinga i bygda og på fjellet. Fritidsbruken pregar områda meir enn beitebruken. Men beiteressursane er viktige for matsikkerheit og beredskap. Kulturmiljøplanen må difor sjåast i samanheng med andre planar som tek for seg landbruk, klima, beredskap og besøksnæringane.



2.4.2. Endringar i reiselivet og nye måtar å oppleve natur- og kulturlandskapet på

Det er viktig å ta vare på gleden over å få besøk, få gjester på besøk, møte nye folk, kjenne på stoltheita over å vere vertskap og ta imot folk på ein ordentleg måte. Ivaretaking av folk, gjennom å forstå og legge opp til å skape gode besøksreiser (kundereiser), gir trivelegare gjester og mindre slitasje. Det som bygger eit solid fundament for den sosiale toleevna til eit lokalsamfunn. Dersom for mange kjem på besøk på ein gong, - over for lang tid, slit det på dei som frivillig eller ufrivillig er blitt vertskap, og på natur og kultur.

Rett gjest på rett stad til rett tid og i rette volum er for mange målet på berekraftig reiselivsutvikling. Ikkje alle gjestegrupper går godt i hop, korkje seg imellom eller med lokalbefolkninga. Kven skal definere kva som er rett?

Reiselivet brukar fellesgoda for å skape destinasjonar, det er næringsliv som også må gå med overskot, skal det bli gode arbeidsplassar. Reisemålsutvikling er difor like mykje stadutvikling som destinasjonsutvikling. Dette er for viktig til å overlate til opplevingsindustrien åleine, det høyrer heime i samfunnsplanlegginga.



**Rette volum av rette
gjester til rett stad til rett tid**

Mimir as

Kommunen har forankra besøksforvaltninga som del av samfunnsplanen. I FIFA-planen (Plan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet) er ein proaktiv besøksstrategi eitt av satsingsområda. Satsinga byggjer på erfaringar frå Nordland fylkeskommune, og har resultert i eit eige prosjekt på besøksforvaltning som knyter lokal verdiskaping saman med berekraftig utvikling for natur, kultur og lokalsamfunn. (Jf. Nasjonale føringar og forventningar over). Hemsedal kommune har også tilsett ein besøksforvaltar i halv stilling for å trene opp administrasjon, politikarar, frivillige og næringslivet i praktisk besøksforvaltning. Samordninga av dei ulike planane som er under utarbeiding er ein viktig del av arbeidet.

Destinasjon Hemsedal er sertifisert som berekraftig reisemål og resertifiseringa går føre seg 2025, parallelt med utarbeidinga av kulturmiljøplanen i kommunen. Besøksforvaltning er slik å sjå som ein måte å arbeide på som tek vare på kulturminna og kulturmiljøa der ein satsar på opplevingsnæringane.

Hemsedal kommune jobbar fram ny næringsplan samstundes med kulturmiljøplanen. Kulturmiljøplanen er ein kommunedelplan som høyrer inn under samfunnsplanen, der medverknad er lovfesta. Planen skal jobbast fram gjennom samskaping og samarbeid med representantar for lokalsamfunna og brukarane av natur- og kulturlandskapet.

Brubygging er både bygningskunst og livskunst. Fleire gamle bruer over Heimsil er rotne bort eller tekne av flaum. Denne brua vart bygd opp att på dugnad.



2.4.3. Klimaendringa og klimatilpassing

Klimaendringane med høgare middeltemperatur, og meir ustabil og tøffare ver, fører til stadig større og bråare endringar av kulturlandskapet. Mildare klima og fråver av kultivering er nok det som endrar kulturmiljøet mest. Attgroing av busk og kratt, og framvekst av skog opp til 1200 moh breier om seg. Gamle stølsområde ligg der det er gode beite. Frodige område gror fort att. Aktiv drift med beitedyr er det beste middelet mot attgroing.

Snøskred, ras, usikker is på fjellvatn og flaum utfordrar samferdsel, matsikkerheit og beredskap, og medfører store kostnader til førebygging, sikring eller reparasjon. For hjortedyra kan nedising av vinterbeita bli svært alvorleg, særleg gjeld dette villrein og tamrein. Tamreindrifta må gjere tilpassingar; flyttetider og flyttleier kan ikkje brukast som før. Reinen finn ikkje alltid nok vinterfôr i fjellet, og han må då fôrast der. Bruer og gamle ferdavegar med oppmura tørrmur og drenering som ikkje lenger strekk til, på grunn av manglande vedlikehald, ny og tyngre bruk og meir ekstremvêr, er døme på gammal infrastruktur som treng meir merksemd. Både sjølv kulturminnet og bruken av områda rundt treng meir aktiv og heilskapleg forvaltning.

Brear og snøfonner smeltar ned, og fram kjem tusen år gamle kulturminne.

Vi har endå lite kunnskap, men meir enn nok til å forstå at vi må endre våre måte å bruke og forbruke ressursane på. Vår manglande evne til å handle raskt, utfordrar forvaltninga av viktige kulturminne og kulturmiljø. Kulturmiljøplanen skal hjelpe oss med å ta meir tak, der det trengst.



Øvst: Del av slipt pilspiss frå steinalderen, funne ved Vabuleino.
Nedst: Seglstempel i bly som viser biskop i full ornat, funne på stavkyrkjetomta ved Trøym.

2.5. Organisering av arbeidet og medverknad i planprosessen

Planprogrammet vart først vedteke av Kommunestyret som K-sak 39/19, og vart justert av Formannskapet i F-sak 10/2025. Formannskapet var styringsgruppe og gjorde nødvendige prosessvedtak, fram til eigengodkjenning i kommunestyret. Ansvar for sjølve planarbeidet låg til kultursjef. For å sikre fagleg tyngde og naudsynt prosjektleiing tilsette kommunen Hanne Lykkja. Det har vore stor grad av eigeninnsats, og stor grad av medverknad. Riksantikvaren og Buskerud Fylkeskommune har bidrege med finansiering.

Ressursgeografisk tilnærming

Kommunen valde å starte med å skildre overordna trekk ved kulturmiljø og landskap i Hemsedal, der ein legg vekt på både naturfaglege, kulturfaglege og brukaropplevde sider ved landskapet. Ei slik tilnærming til ei overordna landskapsanalyse gjev ei brei og heilskapleg vurdering av viktige særtrekk, kvalitetar og utviklingsmoglegheiter i eit landskap – gjerne på kommunalt, regionalt eller fylkesdekkande nivå. Poenget er å skapa eit betre grunnlag for arealplanlegging og andre strategiske val som påverkar korleis me brukar og tek vare på natur- og kulturlandskapet rundt oss. Ein slik analyse tek for seg:

- Landskapsrom og landskapstypar, og kva som gjer kvart område særeige og skil det frå naboområdet
- Landskapsverdiar, både naturlege, kulturelle og visuelle
- Bruk, oppleving og identitet, slik folk kjenner og brukar landskapet
- Sårbarheit og endringskapasitet, altså korleis ulike inngrep kan påverka landskapet
- Mogelege utviklingsretningar, basert på kunnskap og lokale behov

Metoden er forankra i den europeiske landskapskonvensjonen, som legg stor vekt på at landskap ikkje berre er natur og topografi, men òg det vi menneske opplever, tolkar og knyter oss til. Denne tilnærminga byggjer på etablerte metodar for landskapsanalyse og landskapsressursanalyse som er nytta i forskning og planarbeid.¹⁰ Dette perspektivet ligg òg til grunn for dei romlege

¹⁰ Europarådet. 2000. *Den europeiske landskapskonvensjonen* (European Landscape Convention, ETS nr. 176); sjå òg faggrunnlag om landskapsressursanalyse og stadkjensle omtalt i kunnskapsgrunnlaget.

landskapsområdeanalysane som er gjort tidlegare for delar av Hemsedal, og som det òg er referert til for Hydalen landskapsvernområde og Joleimsmyrane kulturlandskapsområde (ref. landskapsregionar mm).

Innspel undervegs

Kommunen har òg lagt vekt på å få innspel frå lokalsamfunnet gjennom ei rekkje forskjellige samarbeidsformer. Besøksforvaltning, bruk og vern av natur og kultur, formidling og lokal verdiskaping har vore i fokus. Her vart det jobba på tvers, med arealdelen av kommuneplanen, kulturmiljøplan, landbruksplan og næringsplan. Fyrst gjennom fem grendemøte, der ein saman kartla viktige verdiar som folk gjerne vil halde for seg sjølve (pusterom), område som er gode møteplassar og som ein gjerne deler med andre og område som ein er uroa for, der ein tenkjer at det er slitasje, at det er for mykje bruk, for stor belastning og kva for utfordringar som folk meinte var viktige å ta tak i no, omtalt som «hjarte og smerteområde» i prosessarbeidet. Deretter såg ein på dette i lag med ulike arbeidsgrupper og fagfolk.



Innspel frå grendemøte og frå gruppa som registrerer gamle hus er utarbeidd i nært samarbeid med ei tverrfagleg administrativ gruppe frå plan- og kulturavdelingane, som òg har utvikla det nye kulturminnekartet for kommunen. Kartet er dynamisk, og nye kartlag/tema blir lagde til etter kvart som vi får meir kunnskap.

Viktige tema som gjeld bruk og vern av kulturlandskapet har ofte vore oppe i besøksforvaltingsrådet, og ulike arbeidsgrupper for beitebruk, idrett og friluftsliv mm.

Kommunen har òg kursa ei eiga kulturminnegruppe for kartlegging og verdsetting av kulturhistoriske bygningar etter KUL:VERDI-metoden (ei vidareutvikling av den såkalla «Buskerud-modellen»). I tillegg har ei utvida ressursgruppe med ulik fagkompetanse bidrege med kunnskap og kvalitetssikra avgrensing av område og skildringar.



Foto: Hanne Lykkja

Utveljing og skildring av område

Slik har utveljinga av viktige kulturmiljø og skildringane av områda, ferdavegar og viktige kulturminne, blitt til i eit samarbeid. Ein kan seie at ein har nærma seg det som kallast ein landskapsressursanalyse, der ein har kombinert fagkunnskap om landskapet med lokal medverknad, frå folk som er spesialistar på sine landskap. Denne metoden legg vekt på å få fram stadkjensla, korleis folk opplever og set ord på området dei bur i og ser landskap i eit samspel mellom natur og kultur. Metoden blir gjerne brukt i kommunale og regionale planar, særleg i samband med stadutvikling og lokal verdiskaping.¹¹ Arbeidsmåten høver særleg godt i område der landskapet er ein viktig identitetsberar – noko som gjeld mange bygder og dalføre i Noreg, slik som Hemsedal.

Kulturminnegruppa og Historielaget skal i gang med å kartleggje viktige bygningar med kulturhistorisk verdi. Desse kulturminna blir ikkje juridisk verna, men ei slik temakartlegging kan gjere det lettare å ta omsyn til særtrekk og søkje støtte til ivaretaking. Eit utval av desse bygningane skal listeførast, etter avtale med eigar, dvs. dei kjem inn på kommunen si kulturminneliste. Desse listeførte bygningane vil få retningslinjer i kommuneplanen og stille sterkt når det gjeld tilskot frå Norsk kulturminnefond og liknande tilskotsordningar.

Bygdearkivet

Historielaget har eit svært omfattande bygdearkiv og stadig fleire kulturminne og kulturmiljø vert dokumenterte i tekst og foto. Laget er svært aktivt og har eit stort fotarkiv, dei har kartlagt stadnamn, ferdsselsvegar (kartfesta og namnefesta mange trasear), mange ulike kulturminne som t.d. danseplassar, hoppbakkar og låvar. Desse blir etter kvart lagde inn på kulturminnekartet. Bokserien Hemsedal gjennom tidene har tema som Støl og stølsliv, Frå skysstasjon til alpinsenter, Løglege skruvar og kjende folk i Hemsedal, Barndom og ungdom i Hemsedal, Kvinneliv i Hemsedal. Andre

¹¹ Puschmann, O. 1998. *Nasjonalt referansesystem for landskap*. NIJOS-rapport 12/98. Ås: Norsk institutt for jord- og skogkartlegging



bokutgjevingar er Kongevegen, den fyrste køyrevegen til Hemsedal. Og no er ei bok om låvane i Hemsedal på trappene. Desse låvane bør kanskje òg få eit eige kartsymbol på kulturminnekartet. Nokon av dei fortener kanskje òg ein plass på kulturminnelista?

Kulturmiljøplanen er ikkje ein ferdig rapport, den er ein levande plan. Planen er like mykje eit strategisk dokument som byggjer opp under kulturmiljøarbeidet. Difor er det mest behov for ein handlingsplan med prioriterte tiltak, og nokre av tiltaka må også inn på økonomiplanen til kommunen. Andre kan ein søke å få finansiert gjennom ei av dei mange støtteordningane som Riksantikvaren har utarbeidd ei oversikt over.

For, utan finansiering er det liten vits med handlingsplanar. Slik kan ein lage ein strategi for korleis ein med tida kan få ei god oversikt over dei viktigaste historiske og kulturelle kvalitetane i landskapet. Målet er å byggje opp eit stadig betre grunnlag for å ta berekraftige val - med eit perspektiv der folk sine meiningar og opplevingar av kulturminne, kulturmiljø og landskap har ein naturleg plass.



Figur 1 Kulturmiljøplanen er ikkje ein ferdig rapport, den er ein levande plan!



3. Overordna trekk ved kulturmiljø og landskap i Hemsedal

Korleis oppfattar og knyter vi oss til det landskapet vi lever i til dagleg, eller besøker i helger og feriar? Kva er det som skil område frå kvarandre og som gjer at vi kjenner att ein stad? Kva er meiningsberande og unikt i augo til dei som bur der?

3.1. Stadkjensla

Den europeiske landskapskonvensjonen, seier at «eit landskap er eit område slik folk oppfattar det», forma av samspel mellom natur og menneske. Stadkjensla omfattar både dei fysiske kvalitetane i landskapet og dei sosiale, kulturelle og kjenslemessige banda folk har til staden. Ho oppstår gjennom erfaringar, bruk, minne og forteljingar – og er eit sentralt grunnlag for berekraftig stadutvikling. Omgrepet er særleg brukt i samband med landskapsressursanalysar og er omsett frå det engelske «Sense of place».¹² Stadkjensle er noko meir enn stadeigen identitet og det som særpregar opplevinga av staden. Kommunen håpar kulturmiljøplanen vil bidra til å kjenne att noko av det som både er meiningsberande og unikt i Hemsedal.

Målet er å ta vare på særprega kulturminne og kulturmiljø anten dei er typiske (vanlege) eller sjeldan å sjå i Hemsedal. Kulturmiljøplanen skal bidra til at innbyggjarane er med og styrer både reisemåls- og stadutviklinga av omsyn til gode bumiljø og landskapsbruken. Arbeidet med den levande planen skal sikre at kunnskap, viktige kulturspor og eigenart ikkje går tapt, men blir medvite teke med vidare inn i framtida.

¹² Stokke mfl. 2023. *Bærekraftig og bruksretta besøksforvaltning – erfaringer fra kommunal planlegging i Nordland.*



3.2. Busetnad og byggjeskikk i Hemsedal

Hallingdal og Hemsedal deler mange kulturtrekk som spring ut av fjellandskapet, ressursane og dei lange tradisjonane for å leva tett på naturen. Bruk av kortreiste råvarer har prega både gamle tun og moderne bygningar. Tømmer har vore det naturlege byggjemateriale og lafting av hus og stein til muring er vanleg. Slike byggjeteknikkar er framleis levande gjennom handverkarar som held tradisjonane i hevd i heile Hallingdal. I Hemsedal finn vi mange av dei same strukturelle særtrekka som kjenneteiknar resten av dalføret – som tunløyningar, gardshistorier og stølskultur.



Hemsedal Bygdatun (Øvre Løkji) syner korleis desse tradisjonane ser ut i praksis, med bygningar frå 1600- til 1800-talet og eit kulturlandskap forma av generasjonar med jordbruk. Tunet er blant dei eldste gardane i Hemsedal, med røter tilbake til eldre jernalder. Det ligg solvendt til, oppe i dalsida, med god utsikt over dalen og med god tilgang til både beite og dyrkingsmark. På 16-1700-talet finn vi ei rekkje store klyngetun om lag i denne høgda bortetter dalsida mot Ulsåk. Ein ønskte sol, tørr grunn og minst mogleg frost av omsyn til korndyrkinga. Kulden samlar seg som kjent nede i dalen. Det var og lettare å spreie husdyrgjødsel nedover bakkane og ta turt før oppover att.



Tunet har klassiske hallingdalsdrag: eit funksjonsdelt tun der kvar bygning har ei spesifikk oppgåve. Tunet er ikkje lineært, men meir klyngeforma. Bygningane står tett, for å skjerme mot veret og gje eit samla tunmiljø. På Øvre Løkji finn vi dei opprinnelege husa stugu (bustadhus), stolpehus (stabbur), låve, fjøs, stall og smie. Badstugu og fôrløe er flytta hit frå Grøndalen og stølbua kjem frå Lykkja. Husa er bygde av tømmer som er ubehandla eller vérgråna, eller dei er tjørebreidde. Tjøre var brukt for å hindre råte, og gjere bygga meir motstandsdyktige mot fukt og hardt ver. Det er vanleg i Hallingdal. På taka er det nytta torv eller tretak. I Hemsedal vart det også brote skiferstein utover på seint 1800-tal og eit stykke inn på 1900-talet til bruk på hustak. Vanleg gråstein vart nytta til steinmurar under hus, som veggjar, i steingjerde og vi finn mange rydningsrøyser. Til gardane høyrde det utmarkslåttar og utmarksbeite, jakt- og fiskerettar (ofte med jakt- og fiskebuer), og både heimstølar og langstøl. Kverner og sagbruk samarbeidde ein gjerne om. Skogbruket i Hemsedal er stor sett gardsskogar, der ein nyttar tømmeret mest til eige bruk. Korte avstandar og små teigar gjorde til at det ikkje var nødvendig med skogshusvære og stallar.

Med unntak av skogen samsvarar dette med byggjeskikken i indre Austlandet generelt, men Hemsedal har særleg rike tradisjonar grunna fjelljordbruket. Dette kjem av at moderniseringa og mekaniseringa av jordbruket – «det store hamskiftet» – skjedde seinare i fjellområda enn i meir sentrale jordbruksområde. I fjellbygdene heldt ein lenge fram med tradisjonelle driftsformer, teknikkar og bygningstypar, sjølv etter at flatbygdene hadde gått over til nye driftsbygningar og industrielt preg. Difor vart ikkje gamle byggeskikkar erstatta så raskt. Det er liten forskjell på ei hallingstugu frå t.d. 1700-talet og tidleg på 1900-talet. Hus med særskild «fjellpreg» - mange små funksjonsdelte bygningar, stolpehus, løer, små fjøs - vart ståande fordi dei var i bruk. Det var bruk for dei.



Kunnskap og handverksteknikkar vart halde i hevd lenger. Dette gir Hemsedal ein tydelegare kontinuitet frå langt attende i tida i det fysiske kulturmiljøet, og delar av kulturlandskapet er vurdert å vera av særskilt nasjonal interesse.

Gardane i fjellbygdene hadde lite med sterke fargar eller omfattande måling utvendig. Måling var dyrt, tømmer var robust nok utan måling og klima gjorde at tjøre og naturleg gråning var meir praktisk. Sjølv om utvendig måling var sjeldsynt, var interiøra i Hallingdal ofte rikt dekorerte i rosemaling og lokal målartradisjon. Dette gjeld òg for Hemsedal, der fleire bygningar er flytta til Hallingdal Museum og viser dekortradisjonane.

Slik står Hallingdal og Hemsedal saman om ein kulturarv som er bygd på solid handverk, tilpassing til naturen og ei sterk kontinuitet i både busetnad og bygningar. Saman gir desse elementa ei lokal stadkjensle som handlar om tilhøyrslø, tradisjonar og ei sterk tilpassing og djup respekt for landskapet som har forma livsgrunnlaget i dalen. Mange lokale handverkarar byggjer framleis med dei gamle teknikkane med lokal byggeskikk både når dei set opp nye bygningar og restaurerer verneverdige anlegg. Hyttebygging har lenge vore ei viktig næring for mange i Hemsedal.

Å ta vare på den tradisjonelle byggeskikken i Hallingdal og Hemsedal krev både kunnskap, tid og ressursar. Moderne byggeskikk og stadig tøffare standardkrav kan òg bidra til at dei gamle byggeskikkane blir utfordra. Ei viktig utfordring er at mykje av materialforståinga og



handverkskunnskapen ligg hjå erfarne fagfolk som arbeider med tradisjonelle teknikkar, og desse miljøa er sårbare dersom rekrutteringa sviktar. Det same gjeld tradisjonell landbruksdrift. I Hemsedal kjem òg utfordringa med å halde store og gamle kulturmiljø intakte – tun, stølsvegar og kulturlandskap krev kontinuerleg bruk og beiting for ikkje å gro att eller forfalle. Hemsedal Bygdatun viser kor omfattande arbeidet med bevaring kan vere, både når det gjeld bygningar og landskapspleie. Saman fører dette til at kulturarven er sårbar – dersom økonomi, kompetanse eller lokal innsats ikkje har eit langtidsperspektiv, slik som dei hadde før i tida.



Restaurert læ i Bulien, tilrettelagt for ein rast under tett tak.

3.3. Fjellandbruket sitt kulturlandskap

For Hemsedal som lokalsamfunn har landbruket prega natur, kultur og virke i uminnelege tider. Reiselivet er heilt avhengig av eit vitalt landbruk som ein viktig ressurs for korleis turistane opplever Hemsedal som reisemål (lokal mat- og bygdekultur, visuell oppleving av landskap, tilgang på aktivitets- og friluftstilbod i skog og utmark osv.). Landbrukssektoren er også viktig for busetnad og sysselsetting og har ei sentral rolle i utvikling og bevaring av lokalsamfunnet, samt for beredskap og kunnskapsformidling. Hemsedal høyrer til jordbruksregionen Sør-Noregs dal- og fjellbygder, slik regioninndelinga er omtalt av NIJOS/NIBIO.¹³ Klima og ressursgrunnlaget gjer at denne regionen må leggje vekt på produksjonar basert på ressursar som grovfôr og beite, både i bygda og på fjellet.

I Hemsedal har landbruksnæringa framleis ei relativt sterk stilling, truleg har samspelet mellom reiseliv og landbruk, og eit sterkt fagmiljø spelt ei viktig rolle her. Bøndene set si ære i halde gardane og jorda i god hevd. Det er ein del intakte tun med godt bevarede bygningar, både i hovuddalføret og langs alle grendevegar. Fleire grender har eit så veldrive preg at det minner om Voss og fjellbygder i Sveits, område som ofte har langt betre klima og jordsmonn. Skrinn jord og mykje stein gir lite skog av god kvalitet. Beste boniteten (jord- og vekseforholda) finn vi i åsane mot Gol. Små teigar og kort veg til bygda gjer at det er få kulturminne knytt til skogsdrift.

Eit særpreg ved Hemsedal er at vi her finn gardar innanfor stølsområda. Bjøberg er ein av dei høgastliggjande gardane i landet. Lykkja er den høgaste busette grenda, og Grøndalsvegen nordover frå Tuv går gjennom eit band med heimstølar før du kjem til gardane i Grøndalen. Landbruket bruker framleis stølane for å nytte fjellressursane til garden. Men omlegging til moderne drift gjer det vanskeleg å ha mjølkeproduksjon på mange av stølane.



Bjøberg gard og skystasjon. (Fjøsdelene til høgre)

¹³ NIBIO / NIJOS – landskapsregionar og jordbruksregionar

Kulturen og kunnskapen knytt til tradisjonell ost- og smørproduksjon er i ferd med å dø ut. Moderne teknologi med usynlege (virtuelle) gjerde opnar for meir beitedyr, og då særleg kjøtfe med kalvar på utmarks- eller innmarksbeite med manglande fysisk gjerde. Dette er av stor verdi for å halde det gamle produksjonslandskapet ope.

Eit viktig innslag i primærnæringa i kommunen er reindrifta på nordsida av dalføret. På andre sida av dalen er Rv 52 grense for villreinområdet Nordfjella. I 2025 starta arbeidet med å få villreinen tilbake i Nordfjella (sør og vest for hovuddalføret). Kulturspor etter veiding av villrein heilt tilbake til tida rett etter at siste istid tok slutt, finn ein i alle fjellområda kring Hemsedal.

Fjellandbruket med beitedyr, stølsdrift og reindrift, treng områdevern på den eine sida, og rom for tilrettelegging på den andre sida. Beitedyra treng ro på gode beite, medan bøndene treng gode vegar for mjølkebilen og moderne mjølkestallar, samlekveer og mobile slakteri (reindrift). Hemsedal har beitebruksplan vedteken i 2018 og kommunen arbeider med ny landbruksplan samstundes med arealdelen i kommuneplanen og kulturmiljøplanen. Her er det viktig å nytte høvet til å få til så mykje samordning av tiltak og retningslinjer som mogleg.



3.4. Kulturlandskapstypar i fjellbygda Hemsedal

Planen viser eit representativt utval av område med særprega kulturlandskap og kulturmiljø, og med ei spennvidde i natur- og kulturtypar som er typisk for Hemsedal og dermed viktige for stadkjensla (oppleving av stadeige særpreg, atmosfære og identiteten til ulike stader i Hemsedal). Dei heilskaplege kulturlandskapsområda er prega av fjellandbruket, med biologiske og kulturhistoriske verdiar, forma av langvarig tradisjonell bruk, og med synleg tidsjubde og god hevd. Det er ynskjeleg å få til langvarig skjøtsel og vedlikehald av områda. Desse utveljingskriteria byggjer på Utvalde kulturlandskap i jordbruket ([UKL-områda](#))¹⁴ og Riksantikvaren sine hovudverdiar for kunnskap, opplevingar og bruk.¹⁵ *Skildringane av områda: sjå separat vedlegg 1.*

Utveljing av områda er gjort på bakgrunn av innspel frå 5 grendemøte våren 2025. Skildringane er seinare kvalitetssikra i samråd med ei utvida ressursgruppe, samansett av folk frå administrasjonen med stor lokalhistorisk kunnskap og kjennskap, medlemmer frå historielaget, kulturminnegruppa som jobbar med verdisetting av gamle bygningar, og fagfolk frå regionale kulturstyresmakter. Dei er vidare sett i samanheng med kunnskapsgrunnlag frå andre kommunale planar og prosjekt. Som t.d. KULA-området¹⁶ Joleimsmyrane, landskapsvernområdet Hydalen, samfunnsplanen, beitebruksplanen, FIFA-planen, prosjektet SMART fjellbygd og arbeidet med sentrumsplanen, bustadpolitisk plan, Naturmangfaldsplanen og reguleringsplanar knytt til natur- og kulturområde.

Til kvart område er det knytt skildringar av landskapet, kulturmiljøet og viktige punkt for planlegging og forvaltning. Skildringane skal inn som faktaark. Eit kartutsnitt som viser avgrensing av området og eit par bilde som viser kulturhistoriske kjerneverdiar for området. Områdeavgrensinga er òg vist på kommunekartet for kulturmiljø. Verdiane skildra i desse områda er overførbare og bør brukast ved forvaltning av liknande område og kulturmiljø andre stader i kommunen. Om kommunen meiner eit område treng spesielle omsyn, kan det takast inn som omsynssone i kommuneplanen sin arealdel.

¹⁴ Landbruksdirektoratet mfl. (2007). *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket*. UKL-områder er særleg verdifulle jordbrukslandskap med store biologiske og kulturhistoriske verdiar, der langsiktig drift og skjøtsel er ein føresetnad for å ta vare på verdiane.

¹⁵ Riksantikvaren. *Verdisetting og verdivekting av kulturminner og kulturmiljø*. Kulturminner og kulturmiljø blir vurdert ut frå tre hovudtypar verdiar: kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

¹⁶ Riksantikvaren (2020/2025). *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse og Landbruksdirektoratet. Utvalde kulturlandskap i jordbruket*.



Døme på tema som kan visast på kulturmiljøkartet: Kulturmiljøplanen skal bidra til ei meir systematisk kartlegging og betre ivaretaking av både kulturlandskap, bygningar og andre kulturhistoriske spor. Kulturmiljøkartet er i stadig utvikling. Kartbasen over kulturminne er levande, og blir utvida etter kvart som nye registreringar blir gjort.



LANDSKAPSTYPE	UTVALD OMRÅDE
<p>JAKT OG FANGST I HØGFJELLET Fangstanlegg med reins-graver, bogastelle og andre kulturspor frå steinalder til vår tid.</p>	<p>Vabuleino, fangstanlegg og steinalderbuplassar (automatisk freda) og langstølar</p>
<p>RESSURSUTVINNING I UTMARKA Jernvinne i lågfjellet, med skog, myrer og vatn. Ulike steinbrot i fjellet.</p>	<p>Markegardslia, jernvinneanlegg, langstølar og mange hytter, før ny fast busetnad i Lykkja.</p>
<p>LANGSTØLAR Ofte enkle husvære med fjøs og løer i solvendte lågfjellsdalar eller meir opne vidder der stølane ligg samla i grender. Sommarbeita framleis viktige, husvære også brukt som hytter. Mange ulike langstølsområde i Hemsedal</p>	<p>Joleimstølane, stølsgrend i open solvend lisode m/aktiv støling, samanhengande innmark/beite. Ulsåk-, Løkji- og Grøtestølane, spreidde stølar i øvre kant av småkupert åslandskap Krosstølane, langstølar i stor granskog (sørsida) Sireslett – Leinestølane, stølsgrend på snau-fjellet, på sørsida, ml ferdaveg til Torpo Hydalen, stølsgrend i storforma fjelldal med vatn i dalbotn, landskapsvernområde Fjellstølane, stølsgrend på dalskulder, utsikt mot snaufjell og dalen nedanfor. Mørekvam – Søteli, frodig u-forma lågfjellsdal med stølar, beitedyr, urørt preg, gml.kyrkjeveg Bulien, open dal mot snaufjellet, intakt støls-område, urørt preg, beitedyr Ershovd, solvend stølsgrend med hytter, beitedyr, Kongevegen, ope mot høgfjellet, fjellovergang</p>




LANDSKAPSTYPE	UTVALD OMRÅDE
<p>HEIMSTØLAR Stølshusa låg ofte meir spreidd i ei overgangssone mellom innmark og høgfjellsbeite med langvarig hevd, artsmangfald, kulturminne. Få stølar i bruk, mange forfell. Gode beite vår og haust.</p>	<p>Fagerset-Slette- Muren-Helgeset, heimstøls- område mellom to bygder, i Uforma daldrag med vatn og stort biologisk mangfald.</p>
<p>LIAGARDAR Høgareliggjand gardar og grender i solvarme bratte lisider, på terrassehyller og blokkrik morene. Gamal busetnad, steingjerde, støtte- murar vanleg. Eldre dyrkamark blir beita i dag.</p>	<p>Eikre-Ålrust, Kongevegen m/skysstasjon Oppi Finn – Gravsetåsen, overgang liagardar-heimstølar (nedl), Finnstigen kulturstig Øvre Løkji, bygdatun m/freda bygningar Venås-Sjåheim, brattlendt trad. kulturlandskap, kongevegen intakt strekning i bratt elvdal.</p>
<p>JORDBRUK I DALBOTNEN Samanhengande bygdelag med jordbruk i U-forma dalbotnar, kring låge åsar og i lisider. Bygdesentrum og småindustri. Elvesletter oppdyrka i nyare tid, større jorder, mindre stein, meir intensiv grasproduksjon.</p>	<p>Joleimsmyrane, KULA-område Kyrkjebøen, m/kongeveg og stavkyrkjetomt Hulbakvegen - Hustad, kongevegen m/skysstasjon, lågt åslandskap m/heimstølar.</p>

3.5. Fjellovergangane – Ferdavegar knytt til dei store ferdselsårene

Fjellovergangane er eit anna hovudtrekk som har prega bygda over lang tid, er at her er ein av dei viktige fjellovergangane mellom aust og vest og har vore det over tusenvis av år. Og dermed finn vi også ein av «Kongevegane» mellom Christiania og Bjørgvin (Oslo og Bergen) her. Det er også spor etter fleire saltveggar eller sleper, og endå eldre ferdselsårer gjennom dalen og over fjella her. Til desse ferdselsvegane vaks det etter kvart fram herberge som sælehus og skysstasjonar. Slik som Bjøberg, Fausko og Eikre. Ferdelsvegane gjekk også på langs av landet og på tvers av dalføra, som frå Lykkja mot Valdres og frå Holdeskaret og Lio mot Ål.

Då jernbanen gjennom Hallingdal vart ferdig i 1909, gjekk trafikken gjennom Hemsedal merkbar ned. Og mykje av den moderne utviklinga skjedde langsmed jernbanespor i hovuddalføret. 90 år seinare tok trafikken seg betydeleg opp att. Lærdalstunnellen opna i 2000 og stadig meir av langtransporten har gått over frå tog til vogntog. Saman med auken i ferie- og fritidsmarknaden, pregar denne trafikken områda langs hovudvegen gjennom Hemsedal.

Vertskapsfunksjonen som fjellovergangane har gitt og gir hemsedølane er viktig. Men kanskje endå viktigare: Opplevingane i fjellet. For fjellfolk gir fjellet både innhald og meining, på mange vis og mange nivå. Ikkje berre som næring i bygda, men som opplevings- og rekreasjonsarena. No valfartar vi ikkje berre over fjellet for å koma til Bjørgvin eller Nidaros, vi valfartar til fjellet. Vi dreg til fjells, investerer i eigedom, har heimekontor, driv med friluftsliv, fjelleik og fjellsport – og



festing. Mange flyttar til Hemsedal fordi dei ønskjer å bu her. Nokon vil ha ein urban livsstil med eit pulserande fjelliv, medan andre vil ha eit rolegare liv med friluftsliv og naturopplevingar. Ny bruk og nye bruksmåtar endrar kulturlandskapet, frå aureelva i dalbotnen til dei øvste tindane.

Me kartfestar ferdavegar knytt til dei store ferdselsårene, og viser utvalde strekningar på kartet.

Fjellvegane over til Vestlandet

Kongeveggen

Viktige strekningar der kongeveggen er i god stand og har særstort kulturhistorisk verdi; Ershovd- Storeskar, Lio-Venås, Tuv-Finset- Kyrkjubøen, Ålrust- Eikre. Viktige landemerke knytt til veggen, td. Eldrehaugen (Vestland). Kongeveggen er gitt tre klassar etter kor autentisk og intakt veggen er. Skildringar og verdivurderingar, samt viktige punkt for planlegging og forvaltning følgjer klassane.

a. **Autentisk og godt vedlikehalden vegstrekning gjennom tradisjonelt kulturmiljø.**

Mange og gode tekniske kulturminne knytt til veggen og vegføringa. Veggen går i tillegg i historisk kulturlandskap med høge kulturfaglege kvalitetar og stor biologisk mangfald knytt til tradisjonelle driftsformer. Gode og sterke kulturlandskapskvalitetar.

b. **Godt synleg opprinneleg vegtrase**, men ombygd og tilpassa moderne bruk. Varierande kulturlandskap, både tradisjonelle kulturlandskapstypar og nyare bruksformer. Med tiltak kan delar eller heile strekninga løftast over i eit A-område.

c. **Opprinneleg vegtrase ikkje synleg** (kongeveggen ligg under riksveg eller annan hovudveg, under oppdyrka mark, i skog der skogbruket



har fjerna spor etter vegen. Eller ras har teke vegen, slik at den ikkje er synleg lenger. Det er ikkje mogleg å restaurere vegen, men med omskilting kan folk få høve til å følgje vegen over til ny strekning der den synest betre.

Kongevegen frå Kyrkjebøen (Trøym) til Eldrevatn, over grensa til Vestland. Utvalde strekningar er i god stand og har særst stor kulturhistorisk verdi. (Kartlegging av ulike strekningar pågår). Kartutsnittet t.h. viser Kongevegen ved Bjøberg, der Rv 52 ligg oppå den gamle traseen til eit stykke ovanfor den gamle skysstasjonen (raud sirkel). Bildet nedst viser Kongevegen ved Resastølen retning Bjøberg (blå sirkel).



Fjellvegane nordover til Valdres

1. **Gamle Lykkjavegen**, frå lia til Joleimstølane.
2. **Stigen frå Hydalen til Smådalen** og Grunke
3. **Ferdavegen frå Bjøberg** (Bjøbergskaret?) og Ershovd til Bulien og vidare til Grøndalen
4. **Kyrkjevegen** gjennom Grøndalen og Mørrevamdalen gjennom Kyrkjuskaret og til Thomaskyrkja på Filefjell.
5. **Pilgrimsvegen**, ferdaveg frå Tørpo til Valdres, over Hjelmen, Eikre, Tisleifjorden og Tyrishølt til Ulnes og vidare til St .Thomaskyrkja på Filefjell

Fjellvegane sørover til Ål

6. **Frå Lauvset** og Lio, via Flævatnet og Hølleskarstjedne til Ål
7. **Frå Sireslettane** til Breiset i Ål .

Andre ferdselsårer

8. **Finnstigen**, kulturstig frå Bygdatunet til heimstølane (tufter) og vidare til Gravset,
9. **Reksteveg** over Ulsåskaret til Fekjastølane (tufter)
10. **Synarsvaet**, natur- og kulturstig frå Hulbak til Hulbak-heimstølen og sørover til Rusto og Finset-heimstølen?

På side 52 og 53 er det vist ei skisse over dei ulike hovudtypane av kulturlandskap knytt til fjellandbruket. Kommunen skal jobbe fram ei tilsvarande skisser for kongevegen, som døme på korleis ein kan skildre dei kulturhistoriske ferdavegane.

Skildringar av ferdavegane: sjå døme i separat dokument om kunnskapsgrunnlag (vedlegg 1). (Kartlegging pågår. Arbeidet inngår som tiltak i handlingsplanen).

3.6. Reiselivslandskapet

Hemsedal er i ferd med å utvikle seg frå ei landbruksbygd med vintersport i alpinbakken til heilårs reiselivsdestinasjon med landbrukspreg. Ei slik omstilling skjer ikkje utan «veksesmerter». Det får store konsekvensar for både kulturlandskap og kulturmiljø. Vinterturismen vaks fram på 60-talet i eit fellesskap mellom grunneigarar, innbyggjarar og etter kvart både innanbygds og utanbygds investorar. Ein del bønder fekk attårbeid om vinteren og kunne konsentrere seg om jordbruksdrifta på sommaren. Kommunen opplever vekst i folketalet og planlegg for vekst i reiselivet.

No driv både turistar, hyttefolk og fastbuande aktivt med fjellsport og friluftsliv - i heile kommunen – heile året. Det gir mange moglegheiter, men kjem ikkje utan skjulte kostnader og openberre truslar. Særleg er det utfordrande å få til finansiering av naudsynt infrastruktur, opne opp nye område, og gjere plass til alle folka som skal ut på tur, sommar og vinter. Mønsteret er kjent frå mange typar reisemål, ikkje berre skidestinasjonar.

Opplevingsindustrien fører til at mange no tek i bruk stadig større område og kapitaliserer fellesgode på nye måtar. Ein del av desse bruksmåtane forbrukar og slit ned, eller øydelegg naturen og goda for andre. Spesielt merkbart er dette for folk som har budd her og levd av desse ressursane i generasjonar. Det veks fram nye kulturar og nye former for kulturlandskap, med skianlegg og løypenett, hotell, bustadblokker og hyttefelt.



I Hemsedal gjorde ein tidleg eit par gode plangrep, som sikra ei konsentrert utbygging av reiselivet med vekt på varme senger på sørsida av dalen, opp mot Holdeskaret. På nordsida er det tradisjonelt landbruksmiljø med gardar, stølar, utmarksbeite og brattare fjell med urørt preg. Desse verdiane var flesteparten av dei som deltok på dei fem grendemøta våren 2025, opptekne av å verne om.

Sidan reiselivssatsinga er relativt ung, er det få gamle kulturminne og kulturmiljø knytt til reiselivet i Hemsedal, utanom kongevegen og skysstasjonane der. Men fleire offentlege og private aktørar har samla gamle hus frå Hemsedal/Hallingdal og formidlar bygningstradisjonar og kulturhistorie på ulike vis. Bygdatunet har eigen omsynssone for bevaring av kulturmiljø. Fleire nyare formidlings-/reiselivsanlegg som t.d. Skinnfellgården har reguleringsplan med spesialområde bevaring. Harahorn fjellstue har gamal reguleringsplan utan slike føresegner, men jobbar etter same prinsipp.



«Reiselivslandskapet» er i hovudsak nyare tids kulturlandskap. Og knytt mest til kulturminne og kulturmiljø som får symbol på kartet.

- **Skysstasjonane** langs Kongevegen: Bjøberg, Fausko/Tuv og Ålrust/Eikre.
- **Tekniske kulturminne:** Bruer og bru-kar, hengebruer, klopper, gamle dyretråkk og bufarvegar som og vart brukt som ferdavegar.
- **Skianlegg** og turistområde – kartlegginga så langt har ikkje funne om det er noko her som er nyare tids kulturminne.
- **Tre grender** som er forma og prega av reiselivet – er det spesielle kulturmiljø her som bør takast vare på her? Bør dei også få eigne symbol på kartet? Det pågår fleire planprosessar no, der desse spørsmåla kan spelast inn. Grendene blir difor omtala i eige delkapittel.



Hemsedal Bygdearkiv



Foto: Ukjend

Hemsedal Bygdearkiv

3.7. Tre grender: Tuv, Trøym og Ulsåk

Riksveg 52 går midt gjennom kommunesenteret Trøym og dei to mindre sentruma Ulsåk og Tuv. Alle tre er sterkt prega av turisttrafikken til reiselivsanlegga og hyttene, og den store gjennomfartstrafikken til og frå Vestlandet. Dei tre sentruma har svært mange bygningar og tilbod som heilt klart ikkje hadde vore der, om ikkje bygda hadde hatt så mange besøkande. Framveksten av tilbod har sidan 60-talet endra og omforma kulturminna og kulturmiljøa. Liknande utvikling ser vi ved mange bygdesentrum ved store skianlegg og fjellovergangar. Nokon tettstader skil seg likevel ut med fleire eldre hus og bygningsmiljø som gir ei kulturhistorisk djubde og særpreg. Dersom ein ynskjer at grendene skal ha eit særpreg forankra i kulturmiljøet i Hemsedal, er det viktig å ta grep no. Hemsedal kommune har eit stort ansvar for denne utviklinga.




Trøym

Kva fortel kulturmiljøet vi finn på og kring dei to Trøymsgardane og dei andre smågardane som endå ligg i sentrum om staden sin eigen kultur og historie? Kan vi seie at når vi kjem til kommunesenteret i Hemsedal, så kjenner vi at vi er på ein særeigen plass? Namn på hus og vegar fortel om sagbruket, smia, slakteriet og meieriet, banken, heradshuset og kafeen. Grendemøta våren 2025, kartla hjarte- og smerte-plassar i bygda. Då kom det fram at ei stund var reiselivet og skituristane med sin festkultur i ferd med å ta over sentrum, no er mange av desse aktivitetane flytta opp i skianlegget. Bygda føler dei har fått sentrum tilbake, som ein felles møteplass. Det er også viktig å ha gode tilbod innan handel og servering i sentrum, for å gjere det til eit attraktivt og levenda sentrum for alle.

Trøym ligg ved åmøtet mellom hovudelva Heimsila og Trøymsåne, medan den gamle stavkyrkje-tomta ved Skadengården (i dag Kyrkjebøen) ligg litt lenger opp i solsida. På Kyrkjebøen finn vi fleire gamle hus. Her ligg også Stupulhaugen (stupul er klokketårn) med ein gamal hoppbakke. Dei gamle stadnamna peikar tilbake til tida før kristendommen, kanskje til dei norrøne gudane for jakt og skiløyping, Skade og Ull. Ovanfor gardane ligg eit nyare grustak som er avslutta, men ikkje pynta til att. Det ligg som eit sår i det historiske landskapet, som er eit viktig nærturområde for sentrum.

Prosjektet Smart fjellbygd og sentrumsplanen legg vekt på tilrettelegging for ferdsel i kulturlandskapet, skape gode møteplassar og trivsel for dei som bur der og dei som kjem på besøk. Nokre av husa i dei gamle, små gardstuna i Trøym sentrum står endå og fortel si historie om klyngetun og landbruksdrift. Kongevegen går truleg også forbi her. Dei små husa gir eit ope preg og plass for sola – ein stor kontrast til dei mørkbeisa bustadblokkene i nabolaget. Er dette noko ein bør ta vare på?




Tuv

Tuvsbakkjin, eller Tuv sentrum, ligg mellom Mørkedøla og Grøndøla og ned mot der desse elvane renn i hop og elva Heimsila byrjar, litt lenger ned. Tuvsgardane ligg på både sider av Grøndøla. Herifrå går gamle ferdavegar opp Grøndalen til Valdres og Filefjell og kongevegen over Bjøberg til Lærdal. Skysstasjonen låg vekselvis på Fausko og Tuv. På Tuvsbakkjin låg skulen, Nordbygdens handelslag og hotell. I dag er det få gamle hus att på Tuv.


Kva skal Tuv vere i framtida? Det er skissert store planar for utviklinga av Tuv sentrum. Dei private planane syner framtidsvisjonar for Tuv med ei betydeleg utviding av skianlegget over åsen mot Holdeskaret, samt transformasjon av hotelltomt og delar av Tuvsbakkjin.

Ei berekraftig utvikling føreset m.a. ei balanse der ein ivaretek stadkjensle, bulyst og blilyst. Ei medviten styring med gode overgangar frå felles bruk av sentrum til bustadområde og meir kommersielle funksjonar vil kunne sikre dette. Val av type og omfang av utbygging, vil også påverke grendene og bruken av kulturlandskapet kring Tuv, innover mot Grøndalen og opp mot fjellet både sommar og vinter. Dette vert viktige spørsmål som ein må jobbe godt med i tida som kjem.



Ulsåk

Gardane frå Grøto til Ulsåk og Markegard hadde før utskiftinga kring 1900 mange store klyngetun oppi dalsida. Der gjekk også kongevegen forbi. Desse gardane vart delte opp. Delar av tunet på Øvre Løkji vart flytta nedom det som no er Lykkjavegen. Det som sto att av hus vart kjøpt av kommunen og er no Hemsedal bygdatur. Nede ved elva låg Søre og Nørdre Fossheim og det var mølle, sagbruk og elektrisitetsverk her. Etter kvart også Fossheim hotell og Sørbygdens handelslag, skule og barnehage. På Svøo, eit par kilometer sør for Ulsåk, vaks det fram eit stort bustadfelt og industriområde. Reiselivsutbygginga i Hemsedal har gitt Ulsåk rolla som innfallsport til bygda frå sør, noko som gjer staden godt eigna for ein stopp og handel på veg til hytta eller heim frå arbeid i Gol eller på Svøo. Norges største KIWI-butikk ligg nettopp her, i «KIWI-krysset».



No er det svært få eldre bygg att i sentrum av Ulsåk. Kva skjer med kulturminna i lokalmiljøet på Ulsåk og med eit av dei største bustadfelta i bygda litt lenger sør? Dei som møtte på grende-møtet på Ulsåk hadde mange spørsmål, men få svar. Denne planen har heller ikkje svar, men vi kan bruke høvet til å leggje til rette for gode prosessar som tek tak i desse spørsmåla: Korleis kan ein utvikle sentrum med dei funksjonane som dei som bur i bygda etterlyser? Korleis kan vi få til trygg trafikk? Kva for skala skal bygg og anlegg ha, kva for særpreg maktar vi ta vare på? Kva kan kulturmiljøet bety for trivsel og bulyst?

3.8. Sagn og historie som fargar kulturminne og kulturmiljø

Immaterielle kulturverdiar er knytt til segner, historier, hendingar som når vi lærer om dei, gjerne forandrar opplevinga av ein stad eller eit kulturminne. I kulturmiljøplanen er det naturleg å ta med det som påverkar stadkjensla og identitet til fysiske stader og område. Her er det behov for å samle meir kunnskap og gjere konkrete prioriteringar om kva for kulturminne og miljø som toler bruk, kva ein vil formidle om og korleis det bør gjerast. Forslag som t.d. registrering og formidling bør difor med i handlingsplanen. Døme på det kan vere:

- **Segner** knytt til viktige landemerke/fysiske stader og ferdselsårer, td.: Eldrehaugen og Klokkarsteinen (tiltak i handlingsplanen).
- **Stadnamn** Skadengården, Trøym og Ulsåk, Løkji, segner og historier (formidlingstiltak i handlingsplanen)
- **Formidling** Bygdatunet, Fausko, Bjøberg, Huso, Grøtestølen, Ulsåkstølen


Jernvinna var ei onn heilt fram til 1700-1800-talet. Det er tusenvis av kolgroper og jernvinneanlegg i fjellet, særleg på Valdres-sida. På stigane over fjellet bar folk tunge bærer, jern vestover og salt tilbake. Her er det mange spor å følgje og mykje å oppdage. Turka myrmalm er raudleg og minner om rust. Foto: Hjerleid



3.9. Andre registrerte kulturminne frå lokalhistorielaget eller Kulturminnesøk

Registreringar som er lagt inn eller skal inn på kulturmiljøkartet. Her er det ein del som er under arbeid – og bør sjåast som tiltak for handlingsplanen dei neste fire åra.

- **SEFRAK**-lista (ligg inne)
- **Plassar for idrett og leik:** Danseplassar (ligg inne), hoppbakkar
- **Verdivurderte bygningar:** Vurdering av kulturhistorisk verdi av eldre bygningar (verdivurderte bygningar som ikkje er verna eller har annan status. Oppstart med lokal kulturminnegruppe vår 2026 (tiltak i handlingsplanen)
- **Kulturminnelista** (utvalde bygningar som kommunen etter samråd med eigarane fore-slår å setje opp på lista. Lista blir vedteke av kommunestyret. Utarbeiding av lista står på handlingsplanen. Lista kan utvidast etter kvart som ein har kartlagt fleire bygg og anlegg).



Det einaste fotografiet vi kjenner av Skóðvinjar kirkja (Skadvinkyrkja) - stavkyrkja som stod på det som no heiter Kyrkjebøen, Trøym i Hemsedal. Foto: Torbjørn Arnesen Trageton, 14.mai 1874 (Wikipedia, Hemsedal stavkirke)

4. Koplingar mellom kulturmiljøplanen og kommuneplanen



Kulturmiljøplanen kan vere ei konkretisering av arealbruk eller fokusområde frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Den kan også føreslå ny arealbruk eller nye målsetnader. Desse må då innarbeidast i kommuneplanen og i handlingsprogrammet. At eit kulturminne eller kulturmiljø er omtala i planen, inneber ikkje i seg sjølv at det har noko form for lovfesta vern. Om ein ønskjer å sikre område eller objekt juridisk, må dei takast inn i kommuneplanen sin arealdel. Regulering av utvalde kulturminne til omsynssoner i kommuneplan, kommunedelplan eller områdeplan med tilhøyrande føresegner og retningslinjer, jf. plan- og bygningslova, gjev rammer for korleis dei skal forvaltast.¹⁷ Bygningar og kulturmiljø som kjem på kulturminnelista, kan få ein slik status med føresegner i arealplanen, og retningslinjer i kommunedelplanen. Det same gjeld til dømes intakte og verdifulle strekkingar av kongevegen og andre ferdavegar som ein vil ta spesielt vare på.

4.1. Forslag til omsynssoner i arealdelen av kommuneplanen

I denne planen er det fokus på kulturminne og kulturmiljø, og særleg på tema som ikkje blir handsama i andre planar, slik som arealdelen i kommuneplanen, kulturplanen, næringsplanen, landbruksplanen, Idrett og friluftsliv/FIFA-planen. Det er få automatisk freda miljø frå eldre tid i Hemsedal med unntak av jernvinne- og fangstanlegg. Desse er som regel lite kjent, ganske vanskeleg å få auga på og ligg langt frå folk. Og forvaltningsansvaret ligg hjå regionale styresmakter.

Hemsedal kommune og Buskerud fylkeskommune har i nært samarbeid med Hemsedal historielag sett i gang eit arbeid for å verdigrundere gamle bygningar frå før 1900. Det er eit mål å foreslå eit utval gamle bygningar, som etter samråd med eigarane, blir førte opp på kommunen si kulturminneliste. Kommunen foreslår at enkeltbygg og større område med fleire bygningar og samanhengande område med velhaldne bygningar og heilskaplege kulturlandskap, skal få omsynssoner med retningslinjer knytt til verneverdiane.

¹⁷ Plan- og bygningslova §§ 11-9 og 12-7

4.2. Forslag til føresegner og retningsliner i arealdelen av kommuneplanen

Eldre tids kulturminne

Kulturminna er vår moglegheit til å møte fjern fortid. Slike møte skapar gjerne ei oppleving av nærheit til fortidas menneske som budde og levde i dette miljøet. Alle spor etter menneske eldre enn 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova. I tillegg er ståande byggverk frå før 1650, og alle samiske kulturminne frå før 1917, automatisk freda. Det betyr at desse kulturminna er sikra vern uavhengig av oppføring i kulturmiljøplanen. Tema er likevel teke med i denne planen for å vise dei lange linene og mangfaldet i kulturmiljøet. I ein kommune som har så få slike kulturminne og som satsar så sterkt på opplevingsindustrien, er det truleg rett.

Viktige kulturminne kan liggje meir eller mindre gøymt i terrenget. Dermed er det spesielt viktig å leggja til rette for informasjon og tilgjenge. God og levande formidling er avgjerande for opplevinga og forståinga av kulturminnet. Formidling på sjølve staden der kulturminnet er, kan gi ytterlegare kjennskap til korleis menneska levde og virka. Gjennom å kjenne til at her har det skjedd, kan avstanden mellom notid og fortid bli viska ut.

Forvaltninga for kulturminne frå før reformasjonen er Buskerud fylkeskommune sitt ansvar. Kommunen har likevel ansvar for at det blir teke omsyn til desse kulturminna, samt å bidra til formidling av desse. Alle innbyggjarar har òg eit ansvar. Det er viktig å ta omsyn ved ferdsel i områda. Dersom det vert oppdaga skade eller hærverk, på eller ved eit kulturminne, er det viktig å kontakte kulturavdelinga i fylkeskommunen eller i kommunen. Vert det gjort funn som kan tenkast å vera eit eldre tids kulturminne, er det plikt om varsling til Buskerud fylkeskommune, i medhald av kulturminnelova.

4.3. Kulturminnelista

Arbeid med registrering og kvalitetssikring av bygningar med kulturhistorisk verdi startar på nytt i 2026. Desse registreringane vil kun bli gjennomført i samråd med eigarane. Vurderingane av verdiar knytt til kunnskap, oppleving og bruk, kan vere viktige for ivaretaking, ombruk og bruk av bygningane for eigarane, og ved vurdering av søknadar om tilskot.

Dersom ein ynskjer å ta vare på dei verdifulle bygningane vil verdsettinga danne grunnlag for føringar om korleis andre bygg, tiltak eller landskapsinngrep kan og bør tilpasse seg kulturmiljøet der desse bygningane står. Dei viktigaste bygningane vil – på nytt i samråd med eigarane – bli foreslått med på lista over kulturminne i kommunen.

Kulturminnelista blir vedteken av kommunestyret som del av kommunen si vidare forvaltning av kulturmiljø. Bygningar som er listeført, får eigen signatur på kommunekartet. Desse bygningane har høgast prioritet om ein vil søke tilskot til for eksempel ivaretaking eller formidling. Vern gjennom bruk er eit mål også for desse bygga, når bruken samstundes tek omsyn til og styrkar verneverdiane. Kulturminnelista blir vedteken av kommunestyret og kan med tida utvidast til også å gjelde andre kulturminne etter kvart som ein har kartlagt fleire bygningar og anlegg.

4.4. Kart - Temakart med alle kulturminne, kulturmiljø og landskap

Temakartet med alle kulturminne, kulturmiljø og landskap som er omhandla i kulturmiljøplanen ligg i kommunen sitt digitale kartgrunnlag og blir oppdatert fortløpande. Sjå kommunekart.com for Hemsedal og kartlag kalla KLADD KULTURMILJØ Hemsedal.

Døme på utskrift som viser utvikling av digitalt kulturmiljøkartet for Hemsedal frå februar 2026. Skildringane av dei ulike områda er presentert i vedlegg 1, som separat dokument.

5. Handlingsplan



5.1. Tiltak i handlingsplanen

Kulturmiljøplanen skal sikre at tiltaka ivaretek omsyn til kulturminne og kulturmiljø, og støttar opp om og styrkar landskapskarakter og stadkjensle. Det kan vere tiltak som skjøtsel, skilting, tilrettelegging av stiar i nærmiljøet, støtte til tiltak i landbruket sitt kulturlandskap, formidling, samarbeid med skulen, samarbeid Destinasjon Hemsedal (Hemsedal turisttrafikklag /HTTL), Hemsedal Utmarksservice (HUS), deltaking i Hemsedalsviku, arrangement som frivilligsentralen eller dei som jobbar med folkehelse står for. Førebyggjande tiltak som hindrar forstyrring og skade på beitedyr, attgroing, råte, ras og flaumskadar er andre døme.

Dei arbeids- og forvaltningsoppgåvene ein meiner er viktige å ta tak i, må få ein plass i økonomiplanen, spesielt dersom kommunal støtte er avgjerande for å få det gjennomført. Kommunal deltaking og eigeninnsats er ofte avgjerande for at næringslivet og frivillige organisasjonar kan få medfinansiering andre stader. Bygningar som er førte opp på kulturminnelista skal prioriterast ved søknadar om tilskot.

Utkast til handlingsplan er utarbeidd på bakgrunn av innspel på grendemøte, frå opne møte under Hemsedalsviku, i andre møte og arbeidsgrupper, frå framlegg i referansegruppa, arbeidsverkstaden, arbeid med besøksforvaltning og innspel frå historielaget. Tiltak som kommuneadministrasjonen jobbar med og samarbeidsprosjekt i lag med ressursgrupper og kulturminnegruppa er også lagt inn. Ein vil jobbe aktivt for å få innspel frå folk i bygda i høyringsperioden. *Handlingsplanen vil dermed bli det verktøyet det er meint å vere, for å sikre at dette er ein levande plan.*



Mykje som gjeld kulturmiljø er langsiktig planlegging. Men det er og viktig å ha akuttberedskap. Kven skal kontaktast om ein hund er laus? Eller om uvedkomande bygger nye vardar, eller skadar muren på Kongevegen? Oppsetting av skilt og tavler og produksjon av info-filmar er døme på formidlingstiltak der vi må jobba i lag, på tvers av fagfelt og forvaltningsområde.

Tiltak	Tema – Kulturmiljø	Involverte partar	Gjennomføringsplan			
			2026	2027	2028	2029
KUNNSKAP						
Verdivurdering av bygg frå før 1900	Gamle hus ref. Odel-arbeidsnotat, KUL:VERDI kartlegging pågår	Plan og utvikling, Kultur Kulturminnegruppa	x	x		
Oppdatere Kulturminneliste	Gamle hus, pågår. Andre typar av kulturminne kjem med etter kvart.	Plan og utvikling, Kultur	x	x	x	
Kulturminnekart	Alle typar (punkt, line, areal) pågår	Plan og utvikling, Kultur Historielaget	x	x	x	x
Faktaark til Kulturmiljøkartet	Database alle typar (punkt, line, areal) pågår	Plan og utvikling, Kultur	x	x	x	x
Kongevegen og andre gamle ferdavegar	Ferdavegar, kartlegging av kongevegen i A-B-C-strekningar, pågår	Plan og utvikling, Kultur Historielaget, HUS, HTTL	x	x	x	x
Andre utmarksminne	Mogleg forprosjekt kartlegging torvuttak, smier, møller/kvednahus, sagbruk, utslåttar, elggroper mv.	Historielaget, Kultur, Museet		x		

Tiltak	Tema – Kulturmiljø	Involverte partar	Gjennomføringsplan			
			2026	2027	2028	2029
OPPLEVING						
Skilting ferdsel i landbruksområde	Innmark, utmark, stølsområde, tun, bygdesentrum, pågåår	Plan og utvikling, Kultur, grunneigarar, grendelag, HUS, HTTL	x	x	x	x
Tilrettelegging Grøndalen med sidedalar	Oppfølging kræsjkurs besøksforvaltning, pågåår, gamle vegfar, parkering mm	Grendelag, HUS, HTTL Plan og utvikling, Kultur,	x	x	x	x
Vabuleino, steinalder, støling, beitebruk, villrein, reindrift	Mogleg forstudie, skjøtselsplan, formidling	Grunneigarar, brukargr. Kultur, Historielaget, HUS, HTTL, Fylkeskomm.	x	x	x	x
Jernvinneanlegg Lykkja/Markegardslia	Mogleg forstudie, skjøtselsplan, formidling	Grunneigarar, brukargr. Kultur, Historielaget, HUS, HTTL, Fylkeskom.		x		
Tilrettelegging Tuv, Trøym, Ulså	Mogleg forprosjekt, Kartlegging og formidling Kulturminne, kulturmiljø	Plan og utvikling, Kultur, grendelag, HTTL		x		
Tilrettelegging andre grender?						
BRUK						
Finnstigen, pågåår	Kulturstig, formidling	Historielaget, Kultur, HUS, HTTL,	x	x	x	x
Løene på Joleimsmyrene	KULA-omr. Restaurere, følge opp søknadar m.v.	Plan og utvikling, Kultur, HTTL	x	x	x	x
Gamle Lykkjaveg, pågåår	Formidling, vidare arbeid	Grendelag, HUS, HTTL, Kultur, Plan og utvikling	x	x	x	x
Synarsvaet	Natur- og kulturstig, oppfølging skilting, tidl. tiltak	Plan og utvikling, Kultur, grunneigarar, grendelag, HUS, HTTL		x	x	x
Hengebruer over Hemsila	Følgje opp tidl.arbeid, forprosjekt nye tiltak	Plan og utvikling, Kultur, grunneigarar, grendelag, Historielaget, HTTL		x		
Skilting og tiltak for beitebruk og ferdsel i kulturlandskap	Forprosjekt, oppfølging trygg beitebruk, tilrettelegging og samhandling (td, tilbod hundepark og hundeløype)	Plan og utvikling, Kultur, sankarlag, grendelag, hundefolk, HUS, HTTL, Senter for Fjellandbruk	x	x	x	

5.2. Oppfølging av handlingsplanen – hovudelement

Handlingsplanen skal vere dynamisk og kunne oppdaterast ved behov. Den skal innehalde konkrete tiltak med prioritering av kulturmiljø, mål og strategiar, verkemiddel og ansvar og tiltak og ferdigstillingstidspunkt.

Kulturmiljøa vedkjem mange aktørar. Det er viktig at kommunen tek ansvar for heilskapleg forvaltning, og bidreg til at viktige tema ikkje «fell mellom stolane», fordi ingen enkeltaktørar har eit direkte ansvar for dei. Når kulturmiljøplanen er vedteken, blir ansvaret delt:

- **Samfunn og infrastruktur v/Plan- og utvikling** skal bruke planen som kunnskaps-grunnlag, og vurdere kulturmiljø i plansaker og byggesaker, og hjelpe til med aktuelle søknadar om tilskot og drive informasjon og formidling innanfor sine ansvarsområde.
- **Oppvekst og kultur v/Kultur** skal følgje opp handlingsdel og tiltak, hjelpe til med aktuelle søknadar om tilskot og drive informasjon og formidling innanfor sine ansvarsområde. Kultur rapporterer årleg til kommunestyret om oppfølging av planen.
- **Politisk nivå** skal prioritere tiltak i økonomiplan og følgje opp mål og effekt.

Planen er starten på eit langsiktig og strategisk arbeid. Det skal gjennomførast revisjonar med oppdatering av kunnskapsgrunnlag og strategiar. Nye registreringar og verddivurderingar kan bli lagt inn i handlingsdelen. Når planen er vedteken, skal den presenterast i heile organisasjonen og for innbyggjarane i bygda. Det er viktig å oppmuntre folk til å ta initiativ og ta planen aktivt i bruk for tema og tiltak som dei meiner er viktige. Målet er å engasjere fleire i arbeidet med å ta vare på kulturminne og kulturmiljø.

5.3. Økonomiske støtteordningar

Gjennomføring av tiltak i kulturmiljøplanen vil i fleire tilfelle vere avhengig av ekstern finansiering eller samfinansiering mellom offentlege og private aktørar. Tilskotsordningar kan vere relevante både for istandsetjing, skjøtsel, formidling, kartlegging og tiltak som styrkjer bruk og ivaretaking av kulturmiljø. Oversikta nedanfor viser døme på sentrale støtteordningar som kan vere aktuelle i oppfølginga av planen.

Oppdatert informasjon om søknadsfristar, vilkår og prioriteringar må innhenta frå forvaltningsorgana sine egne kunngjeringar og nettsider.

- **Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne**

Ordninga er retta mot anlegg med særskild kulturhistorisk verdi innan teknisk og industriell kulturarv. Føremålet er å medverke til istandsetjing, sikring, forsvarleg forvaltning og vidare bruk av anlegg som er valde ut for særskild oppfølging. Ordninga kan vere relevant der planen identifiserer tekniske kulturminne eller anlegg som krev tiltak utover ordinært vedlikehald.

- **SMIL – spesielle miljøtiltak i jordbruket**

Ordninga skal medverke til å ta vare på natur- og kulturminneverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap. Midlane blir prioriterte ut frå lokale tiltaksstrategiar og kan mellom anna nyttast til tiltak som støttar opp under skjøtsel, restaurering og ivaretaking av kulturspor i landbrukslandskapet. For Hemsedal er

Nedanfor er døme på lenker til oppdaterte støtteordningar som ein introduksjon til idear om kva ein kan få støtte til.

- Riksantikvaren: <https://riksantikvaren.no/tilskudd/oversikt-over-tilskuddsordninger/>
- Landbruksdirektoratet: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/sok?q=tilskudd+kulturlandskap>
- Kulturminnefondet: <https://kulturminnefondet.no/sok-om-stotte/>
- Bygg og bevar: <https://byggogbevar.no/pusse-opp/tilskudd/artikler/statlige-tilskuddsordninger/>
- Buskerud fylkeskommune: <https://bfk.no/tjenester/tilskudd-og-stotte/kulturminner/>
- Kulturarvopplevelser, Buskerud fylkeskommune: <https://bfk.no/tjenester/tilskudd-og-stotte/kulturminner/tilskudd-til-kulturarvopplevelser-i-buskerud.202473.aspx>
- [Statlige tilskuddsordningar – Henta frå Bygg og Bevar](#)

ordninga særleg relevant i oppfølging av tiltak knytte til stølsområde, beitebruk og ope kulturlandskap.

- **Tilskot til vern og sikring av freda bygningar og anlegg**

Ordninga omfattar freda bygningar og anlegg og skal dekkje merkostnader ved istandsetjing, vedlikehald og restaurering etter antikvariske prinsipp. Det blir lagt vekt på bruk av tradisjonelle materialar og handverksteknikkar. Ordninga er mest relevant for eigarar av freda objekt og for tiltak der kulturminneforvaltninga stiller krav til antikvarisk utføring.

- **Tilskot til mellomalderbygningar og anlegg**

Ordninga skal bidra til vern og sikring av automatisk freda bygningar og ruinar frå mellomalderen, inkludert stavkyrkjer og andre kulturminne med nasjonal verdi. Tiltaka skal bringe objekta opp på eit forsvarleg vedlikehaldsnivå og sikre vidare forvaltning. Ordninga vil berre vere aktuell dersom planen eller seinare registreringar omfattar kulturminne i denne kategorien.

- **Tilskot til freda og særleg verdifulle kulturmiljø og landskap**

Ordninga skal medverke til å ta vare på freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Ho kan vere relevant for større heilskaplege miljø der tiltak krev samordning mellom fleire eigarar, forvaltningsnivå eller sektorar. I ein planfagleg samanheng er ordninga særleg aktuell der kulturmiljøplanen peikar ut område med høg samla kulturhistorisk verdi.

- **Norsk kulturminnefond**

Kulturminnefondet er ei lågterskelordning for private eigarar av verneverdige kulturminne. Det kan givast tilskot til tiltak som set kulturminne i stand og legg til rette for vidare bruk, mellom anna bygningar, tekniske anlegg og andre kulturhistoriske objekt. Ordninga er særleg relevant for eigarar av verneverdige bygningar som ikkje er freda, men som er identifiserte som viktige i kulturmiljøplanen eller på kommunen si kulturminneliste.

6. Referanseliste



Lover og overordna rettsgrunnlag

Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova).

Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova).

Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova).

Internasjonale føringar

Europarådet. (2000). *Den europeiske landskapskonvensjonen* (European Landscape Convention, ETS nr. 176).

FN. *Berekraftmåla*, særleg delmål 11.4.

Parisavtala. (2015/2016). *Parisavtalen*.

Nasjonale styringsdokument, meldingar og rettleiingar

NOU 2023:10. *Leve og oppleve. Reisemål for en bærekraftig fremtid. Klima- og miljødepartementet. (2020).*

Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, berekraft og mangfald.* Oslo: Klima- og miljødepartementet.

Kommunal- og distriktsdepartementet. (2023). *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027.*

Riksantikvaren. (2021). *Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021–2030.*

Riksantikvaren. (2025). *Hvorfor og hvordan verner vi viktige kulturminner og kulturmiljøer?*

Riksantikvaren. (2020/2025). *En innføring i å lage kulturminneplan for kommunen*

Riksantikvaren. (2020/2023). *Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Planlegging etter plan- og bygningsloven.*

Riksantikvaren. (2019). *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.*

Regjeringa / Klima- og miljødepartementet. (2026). *Bevaringsstrategiar for kulturmiljø.*

Landskap, metode og faglege analysar

- Puschmann, O. (1996) Et landskapskulturkvaliteter: Hvordan se den nære fortid i dagens jordbrukslandskap: Kildebruk og analyse av tre eksempelområder i Hemsedal kommune. NIJOS-rapport 12/96, <https://www.nb.no/items/9eb8ac2e171dfa9b9c6f98a23070089f?page=0>
- Puschmann, O. (1998). *Nasjonalt referansesystem for landskap*. NIJOS-rapport 12/98. Ås: Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.
- NIBIO. *Nasjonalt referansesystem for landskap*, inkludert landskapsregionar og jordbruksregionar.
- Stokke, K. B. mfl. (2023). *Bærekraftig og bruksretta besøksforvaltning – erfaringer fra kommunal planlegging i Nordland*.
- NIBR. (2024). *Kulturmiljø som innsatsfaktor for lokal og regional utvikling*. NIBR-rapport 2024:2
- Riksantikvaren & Statens vegvesen. (2021) *Gamle vegar og vegfar. En håndbok i vern og tilrettelegging*. Jan Adriansen. (red.)

Regionalt planverk og regionale faggrunnlag

- Buskerud fylkeskommune. (2026). *Buskerudplanen – regional plan for Buskerud* (høyringsutkast).
- Riksantikvaren. (2020). *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Buskerud*.
- Buskerud fylkeskommune. *Tilskots- og støtteordningar for kulturminne og kulturarv i Buskerud*.
- Buskerud, Akershus og Østfold fylkeskommunar. Materiale og rettleiingar utarbeidde i samband med KIK-satsinga.

Kommunale planar, strategiar og styringsdokument

- Hemsedal kommune. *Kommunal planstrategi 2023–2027*.
- Hemsedal kommune. *Kommuneplanen sin samfunnsdel*.
- Hemsedal kommune. *Kommuneplanen sin arealdel / pågåande revisjon av arealdelen*
- Hemsedal kommune. *Beitebruksplan* (2018).
- Hemsedal kommune. *Plan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet (FIFA-planen)*.
- Hemsedal kommune. *Kommunedelplan for naturmangfald 2023–2027*.
- Hemsedal kommune / Hallingdalskommunane. *Klimaplan Hallingdal 2024–2028*.
- Hemsedal kommune. *Landbruksplan*. [under utarbeiding]
- Hemsedal kommune. *Næringsplan*. [under utarbeiding]

Hemsedal kommune. Planprogram og politiske vedtak knytte til kulturmiljøplanen, mellom anna K-sak 39/19 og F-sak 10/2025.

Hemsedal kommune. Sentrumsplanarbeid for Trøym, Tuv og Ulsåk.

Hemsedal kommune. Bustadpolitisk plan.

Reiseliv, besøksforvaltning og stadutvikling

Innovasjon Noreg. *Merket for berekraftig reisemål.*

Prosjektmateriale knytt til besøksforvaltning i Hemsedal.

Prosjektmateriale knytt til Smart fjellbygd.

Nordland fylkeskommune. Materiale om besøksforvaltning og pilotprosjekt.

Landbruk, kulturlandskap og støtteordningar

Landbruksdirektoratet. *Utvalde kulturlandskap i jordbruket.*

Landbruksdirektoratet. *Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL).*

Landbruksdirektoratet mfl. (2007). *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket.*

Riksantikvaren. *Oversikt over tilskotsordningar.*

Norsk kulturminnefond. *Søk om støtte.*

Bygg og Bevar. *Statlege tilskotsordningar for gamle hus og kulturminnetiltak.*

Tilbakeblikk – Norske landskap i endring. Samarbeid om beite for å halde kulturlandskapet ope, NIBIO.

Register, databasar og digitale kartkjelder

Riksantikvaren. *Askeladden.*

Riksantikvaren. *Kulturminnesøk.*

SEFRAK-registeret.

Kommunekart / kommunen sitt digitale kartgrunnlag, inkludert kartlaget *Kladd kulturmiljøplan Hemsedal.*

Lokale kunnskapskilder og dokumentasjon

Hemsedal historielag. Bygdearkiv, fotomateriale, stadnamnregistreringar, registreringar av ferdselsvegar og kulturminne.

Hemsedal historielag. *Hemsedal gjennom tidene* (bokserie, sjå bilde nedanfor)

Arbeidsdokument om registrering av gamle hus i Hemsedal, ODEL 2020. Fotodokumentasjon og grunnlag for KUL:VERDI-registrering.

Innspel frå grendemøte, arbeidsgrupper, ressursgrupper, arbeidsverkstad og opne møte i planprosessen.

Flaten, H. & Rudvin, O. (1976). *Hemsedals slektshistorie 1693–1975 («Flatabokji»)*. Hemsedal kommune. nb.no



Bildekreditering

BILDEKREDITERING		
Side	Motiv	Fotograf / kreditering:
Forside	Hydalen	Hemsedal.com/Frank Tolpinrud
3	Ershovdstølen	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
7	Ershovdstølen	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
10	Steget	Hemsedal.com/Nils-Erik Bjørholt
12	Brekkefossmølla	Hemsedal.com/Katarina Wälås
13	Brekkefossmølla	Hemsedal.com/Katarina Wälås
14	Klokkarsteinen	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
17	Stølsiv i Hemsedal	Hemsedal.com/Nils-Erik Bjørholt
19	Kartlegging av gamle hus	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
21	Rjukandefoss	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
22	På Trøymstølen i Mørekvam ca. 1952. 67/7 Knut Trøym fremst. Dei andre er Kåre Håkensen Død 1989 og Svein Håkensen.	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_06-044
22	På Resestølen i Hemsedal i 1939 Frå venstre: Ukjend, Karen, Kari og Margit Rese	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_02-593

24	Rådet for Hydalen	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
25	Samarbeidsrådet for Hydalen landskapsvernområde møtest ein gong i året og følgjer opp tiltak og legg planar for skjøtsel og vedlikehald. Landbruks-kontoret følgjer opp arbeidet, då det gjerne er tiltak knytt til beitebruk.	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
27	Ershovstølen	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
29	«Tilbakeblikk», NIBIO har her fotografert Grøte i 1994 og 2004 (tv,) og 2014 og 2024 (th) Endring frå slåttemark til beite, der skogen får veks fritt	O Puschmann, NIBIO
30	Marthe på Dalo fjellgard	Hemsedal kommune
31	T.v. Fausko skysstasjon. Ca 1905. Grøndalsvegen gjekk gjennom tunet på Fausko fram til 1949. Th. Eikre skysstasjon, før 1930	Hemsedal Bygdearkiv HEMSARK_85-033 og 95-118
32	Kyr på beite i Lio	Kia Simonsen, Hemsedal kommune
33	Illustrasjon «4R»	Mimir AS
34	Hengebrua over Hemsil	H Lykkja, Hemsedal kommune
35	Eit lite midtfragment av slipt pilspiss av fin skifer, trolig rombisk tverrsnitt. Funne 1988. Vabuleino. Stammer fra steinalder.	Kulturhistorisk museum, UiO, Arkeologi. Inventar nr. C52788.43
35	Mandorlaforma seglstempel av bly. Framstiller ein sitjande biskop i fullt ornat. Funn frå mellomalderen, Hemsedal stavkirketuft (1963).	Kulturhistorisk museum, UiO, Arkeologi. Inventar nr. C31615

38	Bilde frå folkemøte våren 2025, med tema kulturmiljøplan, arealplan og besøksforvaltning	H Lykkja, Hemsedal kommune
39	Hemsedal Bygdearkiv	Hemsedal Bygdearkiv
41	Joleimsmyrane med Totten i bakgrunnen	Hemsedal.com/Frank Tolpinrud
42	Marie Jordheim i fjøsdøra på Jordheimstølane 64/1 i Hemsedal.	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_04-246
43	Illustrasjonsbilde	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
44	Bygdatunet, Øvre Løkji	Hemsedal.com/Aurelijus
45	Bygdatunet, Øvre Løkji	Hemsedal.com/Aurelijus
45	Bygdatunet, Øvre Løkji	Digitalt Museum
46	Harahorn fjellgard	VisitNorway/Terje Rakke
47	Løe i Bulien	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
48	Bjøberg skysstasjon	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
49	Frå venstre: Birgit Kven, Anne Danneborg og ei bydame i Bulien, ca. 1960.	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_02-496
49	Reinsgjetarar ved gjetarhytta i Vabuleino i Hemsedal.Til venstre: Jon Brekke og til høgre Ola J. Grøthe.	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_97-083
54	Panoramavegen	Fredrik Ahlsen_Maverix Media - Visit Norway
55	Kongevegen ved Kyrkjebøen	Sarah Peters
56	Kongevegen ved Mørkedalen	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
58	Selfie spot in Hemsedal_	Fredrik Ahlsen_Maverix Media - Visit Norway
59	Utsikt over Trøym og Holdeskaret frå Synehovda	Kia Simonsen, Hemsedal kommune
60	På tur med Solskinsbussen frå Hemsedal. 1938	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_02-953

60	FYRSTE UTLEIGEHYTTA I HEMSEDAL vart bygd i 1916 eller 1917 på Feten som ligg i Grøndalen. På biletet ser me "nyehytta" til høgre og stølsbua til venstre. ein som har vore innom har teke biletet, og alle har stilt opp, både sjølvfolket og turistar.	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_85-192
61	Trøym / Skogstad hotell	Hemsedal.com/Frank Tolpinrud
62	Trøym sentrum i Hemsedal, truleg tidleg på 1930-talet. Bygget med den høge pipa er det gamle Hemsedal Meieri som låg på same tomte som Sparebank1 bygget ligg i dag 2014. Det kvite huset til høgre for meieriet, er Forbrukeren.	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_04-296
63	Tuv i Hemsedal ca. 1920	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_02-630
64	Ulåk 1920. Sørbygden Handelslag, som det heitte då. Til venstre Fossheim søre og nordre To Ulsåkergardar i bakgrunnen.	Hemsedal Bygdearkiv. HEMSARK_85-037
65	Klokkarsteinen	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
65	Tørket myrmasm er rødlig og minner om rust.	Hjerleid
66	Hemsedal Stavkirke 1874	Torbjørn Arnesen Trageton, 1874
67	Hydalen	Hemsedal.com/Frank Tolpinrud

71	Benk laget av Karatn	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
72	Diverse bilder av tiltak	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune (1-4) Kia Simonsen (5)
78	Stølshus. Stølsstølen.	Hemsedal kommune
88	Bygdatunet, Øvre Løkji	Hemsedal.com/Aurelijus
96	Benk laget av Karatn	Hanne Lykkja, Hemsedal kommune
104	«Krøsstølan med far»	Tori Snerte

VEDLEGG 2 – 7



- **Vedlegg 1: Kunnskapsgrunnlag – *sjå eige dokument***
- **Vedlegg 2: Omgrep og definisjonar**
- **Vedlegg 3: Lovverk med føresegner og retningsliner**
- **Vedlegg 4: Retningsliner for sakshandsaming**
- **Vedlegg 5: Sakshandsamingsrutinar**
- **Vedlegg 6: Aktørar, roller og ansvar i kulturminnearbeidet**
- **Vedlegg 7: Overordna føringar**

Vedlegg 2: Omgrep og definisjonar

Automatisk freda kulturminne: Kulturminne som er verna direkte gjennom kulturminnelova utan særskilt vedtak. Dette omfattar blant anna faste kulturminne frå før 1537, samiske kulturminne eldre enn 1917, ståande byggverk frå 1537–1649, og skipsfunn som er meir enn 100 år gamle. Slike er statens eigedom. **Lenke:** [\[kulturminnesok.no\]](http://kulturminnesok.no)

Freding: Freding er den strengaste forma for vern. Når eit kulturminne blir freda etter lov, betyr det at tiltak som går utover vanleg vedlikehald, krev godkjenning frå rette myndigheit (vanlegvis fylkeskommunen). Freding kan gjerast som enkeltvedtak eller som kulturmiljøfreding. **Lenke:** [\[riksantikvaren.no\]](http://riksantikvaren.no)

Kulturarv: Samleomgrep som inkluderer både materiell kulturarv (fysiske kulturminne og kulturmiljø) og immateriell kulturarv (tradisjonar, ferdigheiter, språk, uttrykk m.m.). Desse er gjensidig avhengige – til dømes krev restaurering av gamle bygg tradisjonshandverk. **Lenke:** [\[regjeringen.no\]](http://regjeringen.no)

Kulturlandskap: Landskap som i større eller mindre grad er forma av menneskeleg aktivitet. Kan omfatte jordbruk, seterlandskap, industrilandskap, eller andre område der menneske har sett tydelege spor. **Lenke:** [\[snl.no\]](http://snl.no)

Kulturmiljø: Eit område der fleire kulturminne inngår i ein større heilskap eller samanheng. Som til dømes byområde, fiskevær,

setergrender eller industrilandskap. I forvaltninga blir kulturmiljø òg brukt som samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. **Lenke:** [\[snl.no\]](http://snl.no), [\[regjeringen.no\]](http://regjeringen.no)

Kulturminne: Alle spor etter menneskeleg aktivitet, både frå fortida og vår eiga samtid, inkludert stader knytte til hendingar, tru eller tradisjon. Omfattar både faste og lause kulturminne: bygningar, anlegg, fartøy, vegar, gjenstandar, helleristingar, gravhaugar m.m. **Lenke:** [\[regjeringen.no\]](http://regjeringen.no)

Kulturminne frå nyare tid: Kulturminne som stammar frå perioden etter reformasjonen (1537–). Omfattar bustader, tekniske anlegg, bruer, industriarv, infrastruktur m.m. **Lenke:** [\[kulturminnesok.no\]](http://kulturminnesok.no)

Kulturminneverdi / Verneverdi: Eit kulturminne eller kulturmiljø si kulturhistoriske verdi basert på fagleg vurdering. Riksantikvaren nyttar vanlegvis tre hovudgrupper: Kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi. Verdiane avgjer om kulturminnet blir vurdert som verneverdig eller fredingsverdig. **Lenke:** [\[riksantikvaren.no\]](http://riksantikvaren.no)

Verneverdig / bevaringsverdig: Betyr det same. Eit kulturminne/kulturmiljø som har gjennomgått fagleg vurdering og er identifisert som verneverdig. Dei mest verneverdige er av

nasjonal verdi og kan fredast. Andre kan sikrast gjennom plan- og bygningslova eller listeføring. **Lenke:** [\[riksantikvaren.no\]](https://riksantikvaren.no)

Nasjonal, regional og lokal verdi.

Nasjonal verdi: Staten har ansvar for vern. Store kulturhistoriske verdier for landet; dei mest verneverdige; ofte grunnlag for freding. Regional verdi: Verdier verna av fylket, viktig for fylket; vern skjer vanlegvis gjennom plan- og bygningslova. Lokal verdi: Verdier viktig for lokalsamfunnet; kommunen har ansvar for vern.

Lenke: [\[riksantikvaren.no\]](https://riksantikvaren.no)

Listeført kulturminne: Kulturminne som er identifisert som verneverdig og registrert på ei liste for å sikre forvaltning, til dømes kommunale kulturminnelister eller Gule liste i Oslo. Listeføring er ikkje juridisk vern, men styrker omsyn i planprosessar. **Lenke:** [\[riksantikvaren.no\]](https://riksantikvaren.no)

SEFRAK registreringa: Landsdekkande register over eldre bygningar, hovudsakleg oppførte før 1900. Registreringa gir informasjon om alder og plassering, men seier ikkje noko om verneverdi. SEFRAK-bygg kan vere verneverdige, men ikkje nødvendigvis. **Lenke:** [\[kulturminnesok.no\]](https://kulturminnesok.no)

Landskapsvernområde: Områdevern etter naturmangfaldlova. Den minst strenge forma for områdevern, men skal ta vare på landskapets eigenart, ofte i område med kulturpåverknad. (Kjeldene omtalar landskapsvern generelt, men ikkje konkret LVO i Hydalen.)

KIK-satsinga: KIK – Kulturminne i kommunane - er eit prosjekt som skal sørge for eit kunnskapsløft i den kommunale kulturminneforvaltninga. Satsinga har vore eitt av dei store prioriterte områda i kulturminneforvaltninga sidan 2013, og Buskerud, Akershus og Østfold fylkeskommunar samarbeider om arbeidet. (kulturminnesok.no). KIK skal sikre at alle kommunar har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse til å ta vare på eigen kulturarv, styrkje rettleiing og kompetanse i kommunane, bidra til at kulturminne blir brukt som ressurs for økonomisk, kulturell og miljømessig verdiskaping (kulturminnesok.no). Satsinga omfattar og støtte til kommunar som skal utarbeide eller rullere kulturmiljøplanar, kurs og kompetanseheving for kommunalt tilsette, **Lenke:** [\[kulturminnesok.no\]](https://kulturminnesok.no)

KULA-område: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Område som Riksantikvaren har peikt ut som særleg viktige kulturhistoriske landskap av nasjonal verdi. **Lenke:** [\[dokumentasjon.ra.no\]](https://dokumentasjon.ra.no)

UKL område: Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Nasjonal satsing på særleg verdifulle kulturlandskap i drift, i samarbeid mellom landbruk og kulturmiljøforvaltning. (Riksantikvaren omtalar desse i forvaltningssamanheng, men detalj ligg hos Landbruksdirektoratet.)

Landbruk / jordbruk / skogbruk / reindrift: Desse omgrepa blir brukt i kulturlandskapssamanheng: Landbruk: fellesnemning for jordbruk, skogbruk og beitebruk. Jordbruk: planteproduksjon og husdyrhald. Skogbruk: planting, hogst og skjøtsel av skog. Reindrift: dyrehald med tamrein/ halvtam r

Vedlegg 3: Lovverk med føresegner og retningslinjer

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova gir kommunen verkemiddel til å bevare kulturminne og kulturmiljø. Mellom dei viktigaste føresegnene finn vi:

§ 11-8. Omsynssoner

Det kan opprettast soner i kommuneplanen sin arealdel med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø. Dette er på detaljnivå og spesielt tilpassa kvar enkelt sone.

Omsynssone c) blir brukt for å verne kulturmiljø ved å regulere korleis område kan brukast og utviklast. Omsynssoner kan ha retningslinjer som sikrar at nye tiltak, som nybygg, tilbygg og fasadeendringar, blir tilpassa den verneverdige bebyggelsen. Kongevegen, som har regional verneverdi, er eit døme på dette.

Omsynssone d) blir brukt for å markere område med automatisk freda kulturminne, slik at desse kan takast vare på i arealplanlegginga.

§ 11-9. Generelle føresegner til kommuneplanen sin arealdel

Kommunen kan lage føresegner som gjeld heile kommuneplanen og regulerer bruk og utforming av fysiske

omgjevnader. Det kan lagast egne føresegner for kulturminne og kulturmiljø som stiller krav til bevaring og som sikrar at nye tiltak, slik som nybygg, tilbygg og fasadeendringar, blir tilpassa den verneverdige bebyggelsen.

§ 29-2. Visuelle kvalitetar

Kommunen skal ved handsaming av byggjesaker sjå til at alle søknadspliktige tiltak har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølve, i forhold til funksjonen sin, dei bygde og naturlege omgjevnadene og plasseringa. Ved endringar av eksisterande byggverk kan kommunen leggje vekt på at viktige historiske, arkitektoniske og andre kulturelle verdiar som knyter seg til eit byggverk sitt ytre, blir bevarte.

§ 31-4 Kommunen sin adgang til å gi heilt eller delvis unntak frå krav

Kommunen kan ved handsaming av byggjesaker gi heilt eller delvis unntak frå tekniske krav for verneverdige bygningar dersom det blir vurdert som forsvarleg ut frå tryggleik, helse og miljø. Ved vurderinga skal kommunen leggje vekt på byggverket sin alder, formell vernestatus, type, formål, plassering, varigheita av tiltaket og noverande tekniske tilstand.

Kulturminnelova

Nokre kulturminne omfattast av kulturminnelova. Mellom dei viktigaste føresegnene finn vi:

§ 3. Forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne.

Det er ikkje lov å gjennomføre tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekkje, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne.

§ 4. Automatisk freda kulturminne.

Alle kulturminne frå før 1537 er automatisk freda. Byggverk frå før 1650 kan erklærast automatisk freda av Riksantikvaren.

§ 25. Meldeplikt for offentlege organ.

Meldeplikt etter Kulturminnelova § 25 skal sikre at kulturhistorisk verdifulle bygg får ei vurdering før dei blir endra eller rivne. Dette som ein del av den heilskaplege kulturminneforvaltninga. Det betyr at kommunen må sende søknad om riving eller vesentleg endring av bygningar eldre enn 1850 til fylkeskommunen (som kulturminnemyndigheit) for uttale, før kommunen kan gi byggeløyve, sjølv om bygningen ikkje er freda. Dette er ei varslingsplikt for å sikre at verneverdige bygningar blir ivareteke, og gjeld for SEFRAK-registrerte bygningar og andre bygningar frå før 1850 som ikkje er automatisk freda. (Bygningar i SEFRAK merka med ein raud trekant indikerer at dei er melde-pliktige etter § 25).

Saksgang for tiltak:

- Eigar søker kommunen om riving eller vesentleg endring.
- Kommunen sender søknaden til fylkeskommunen.
- Fylkeskommunen uttalar seg om bygget sin verneverdi og gir ei anbefaling.
- Kommunen fatter vedtak basert på dette, men kan gi løyve sjølv om fylkeskommunen tilrår vern.

Naturmangfaldlova

Nokon kulturlandskap er verna etter naturmangfaldlova fordi dei er viktige for å bevare biologisk mangfald og vår kulturhistorie. Kulturlandskapa er forma gjennom mange generasjonar sin bruk og representerer ein viktig del av vår kulturarv. Mange artar av planter og dyr er avhengige av tradisjonell drift og skjøtsel, slik som slått, beite og brenning, for å overleva.

§ 34. Forskrift om verneområde

Denne paragrafen heimlar å opprette verneområde som nasjonalparkar og landskapsvern-område for å bevare mangfaldet i naturen. Det er Klima- og miljødepartementet som

vedtek vern av eit område. I vår kommune er Hydalen landskapsvern-område verna etter naturmangfaldlova.

Vedlegg 4: Retningsliner for sakshandsaming

Retningsliner for sakshandsaming knytt til kulturminnelista og omsynssonene.

Utarbeidd av Riksantikvaren og Buskerud, Akershus og Østfold fylkeskommunar i samband med KIK-satsinga.

Retningsliner for verneverdige bygningar

1. Alle fasadeendringar, tilbygg, påbygg, ombyggingar eller andre tiltak som endrar bygningas utsjånad, er søknadspliktige.
2. Ved fasadeendringar bør originale eller eldre bygningsdelar som vindaug, dører, panel, listverk og taktekk nyttast eller bevarast så langt det let seg gjere. Dersom eldre bygningsdelar ikkje kan nyttast eller bevarast, bør det lagast gode kopiar av bygningsdelane som blir skifta ut.
3. Verneverdige bygningar bør søkjast bevarte og ikkje rivast, med mindre det kan dokumenterast at forfall eller skadar er av eit omfang som gjer at bygninga må reknast som tapt. Dokumentasjon i form av tilstandsanalyse utarbeidd av antikvarisk sakkunnig bør leggjast ved rivesøknad.

4. Ved riving av verneverdig bygning bør bygninga dokumenterast gjennom oppmåling og grundig skildring av konstruksjon, rominndeling og overflater. Skildringa bør utarbeidast av antikvarisk fagkunnig.

Retningsliner for kulturmiljø

1. Nye bygningar, tilbygg, påbygg og andre tiltak bør tilpassast eksisterande kulturmiljø og det arkitektoniske hovuduttrykket i miljøet.
2. Nye bygningar, tilbygg/påbygg og andre tiltak bør underordne og tilpasse seg den verneverdige bebyggelsen når det gjeld plassering, volum, form, fasadeutforming, materialbruk og fargar.
3. Vindaug i nybygg bør plasserast, dimensjonerast og detaljerast med særleg tanke på samspel med dei verna bygningane. Store samanhengande vindusflater bør berre tillatast unntaksvis.
4. Tak på nybygg/tilbygg bør, med omsyn til fallretning, helling og hovudform, ta utgangspunkt i nabobebyggelsen når denne er av eldre dato. Taktekkingsmateriale bør så langt som mogleg tilpassast den stadbundne byggjeskikken.

5. Nybygg/tilbygg bør plasserast i tråd med tradisjonell bebyggelsesstruktur i området.
6. Ved deling eller samanslåing av eigedomar må den dominerande bebyggelsesstrukturen vektleggjast. Deling/samanslåingar bør normalt ikkje godkjennast dersom strukturen er ein viktig del av kulturmiljøets eigenart.
7. Viktige landskapselement som har betydning for miljøet – som markante tre, allear, gardsdamar, stiar,

vegar og steingjerde – bør bevarast så langt som mogleg.

8. Nye tiltak bør underordnast viktige landskapstrekk og tilpassast eksisterande terreng. Før tiltak blir tillatne, bør det dokumenterast at fjernverknad og landskapstilpassing er ivaretekne. Åsprofilar, høgdegrad, landskapssilhuettar og stadbunden vegetasjon bør takast vare på. Viktige siktlinjer mot signalbygg, landemerke og særlege landskapsformasjonar bør bevarast.

Vedlegg 5: Sakshandsamingsrutinar

Rutinar for plansaker

Forslag utarbeidd av Buskerud fylkeskommune

1. Området skal sjekkast for kulturminne og kulturmiljø i kulturmiljøplanen (eventuelt kommunens kulturminneregister/kommunens kartportal/Askeladden).
2. Dersom området inneheld kulturminne eller rører ved eit kulturmiljø, skal forslagsstillar informerast om dette i samband med obligatorisk oppstartsmøte.
3. Dersom planforslaget er i konflikt med kulturmiljøverdiar på regionalt eller nasjonalt nivå, bør kommunen stille krav om konsekvensutgreiing før utarbeiding av reguleringsplan, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 10 bokstav b.
4. Dersom området inneheld kulturminne eller rører ved eit kulturmiljø, bør kommunen sikre desse i reguleringsplanen gjennom bruk av generelle føresegner, føresegner knytt til arealformål og/eller hensynssone.

Rutinar for byggjesaker

1. Området skal sjekkast for kulturminne og kulturmiljø i kulturmiljøplanen (eventuelt kommunens kulturminneregister/kommunens kartportal/Askeladden).
2. Sjekk om saka skal sendast til fylkeskommunen, jf. fylkeskommunens oversendingsrutinar.
3. Når søknaden rører ved kulturminne eller kulturmiljø frå nyare tid (etter år 1537), kan saka normalt behandlast sjølv om kommunen ikkje har fått høyringsuttale innan fristen.
4. Søknader som gjeld freda kulturminne, kan ikkje behandlast før høyringsuttale er mottatt. Søknader som gjeld freda kulturminne, må vere godkjende av regional eller nasjonal kulturminnemyndigheit før kommunen fattar vedtak.
5. Kommunen kan vedta mellombels forbod mot tiltak for å regulere til bevaring, jf. pbl. § 13 1.

Vedlegg 6: Aktørar, roller og ansvar i kulturminnearbeidet

Riksantikvaren

Riksantikvaren er eit direktorat under Klima- og Miljødepartementet. Riksantikvaren har ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført og har eit overordna fagleg ansvar for fylkeskommunane sitt arbeid med kulturminne, kulturmiljø og landskap. Riksantikvaren har myndigheit til å fatte vedtak om freding.

Fylkeskommunen

Fylkeskommunen er regional kulturminnemyndigheit og har ansvaret for å forvalte kulturminna i sitt fylke. Dei ser til at det blir teke omsyn til kulturminne i kommunen sitt planarbeid og kan fremje motsegn (innsigelse) i plansaker. Fylkeskommunen har myndigheit til å vedta mellombels freding.

Kommunen

Kommunen er vedtaksmyndigheit etter plan- og bygningslova og har eit lokalt ansvar for å ta vare på kulturminneinteressene i plan- og byggesakshandsaming. Dette skjer fyrst og fremst gjennom samfunns- og arealplanlegging som er styrt av Plan- og bygningslova. Kommunen kan også leggje til rette for formidling og opplevingar knytt til kulturminna.

Kulturhistorisk museum i Oslo

Museet gjennomfører arkeologiske utgravingar i saker der det vert gjeve dispensasjonar for automatisk freda kulturminne med vilkår om utgraving. Kulturhistorisk museum er eit av fem landsdelsmuseum med ansvar for arkeologiske gjenstandar og utgravingar.

Norsk Maritimt Museum

Museet har ansvar for kulturminne under vatn.

Museumssektoren

Musea bidreg med informasjon, innspel, lokal kompetanse og formidling om kulturminne, og kulturmiljø. Musea i Buskerud tek vare på rundt 400 kulturhistoriske bygningar som står på museumsområda. Nokre av musea har handverkarar med høg kompetanse innanfor kulturminnevern og bygningsvern.

Eigarane

Eigarane er den viktigaste ressursen for eit godt kulturminnevern. Mange entusiastiske eigarar brukar eigne ressursar i arbeidet med å setje i stand bygningar og anlegg, og gjer mykje godt bevaringsarbeid for egne bygningar og anlegg. Eigarane har eit formelt ansvar i samsvar med krav i lov og forskrifter, både etter plan- og bygningslova og kulturminnelova.

Frivillige

Frivillige er viktige ressursar i kulturminnevernet. Dei gjer ein svært viktig jobb gjennom sitt arbeid med blant anna

istandsettingsarbeid på freda og verneverdige bygningar og anlegg, arkivarbeid og innsamling av lokalhistorisk materiale, formidling og bidrag til kulturminneregistreringar for kommunane.



Vedlegg 7: Overordna føringar

Internasjonale føringar

Kulturmiljøplanen kviler på ansvaret vi har i forhold til alle FN sine berekraftsmål, men delmål 11.4 ligg direkte til grunn for dette planarbeidet: Styrke innsatsen for å verne og sikre verdens kultur- og naturarv. Norge ratifiserte Parisavtala 22. april 2016. Dette forpliktar Norge til å støtta opp under dei 17 berekraftsmåla som er ein del av avtala. Kulturmiljøpolitikken skal på alle forvaltingsnivå vera ein ressurs inn mot dei store samfunnsutfordringane i vår tid.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

I 2020 vart fekk vi ein ny nasjonal kulturmiljøpolitikk som legg stor vekt på demokratiske forvaltning og medbestemming: Meld. St. 16 (2019-2020). Med denne meldinga innfører regjeringa begrepet "kulturmiljø" som samlebegrep. Det er gjort for å vise kor viktig det er med heilheit og samanhangar, samstundes som ein knyter kulturmiljøpolitikken til øvrig klima- og miljøpolitikk. Tre nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken som inviterer til engasjement og medskaping ligg til grunn for stortingsmeldinga er utdjupa i Riksantikvaren sin vegleiar frå 2025:

- Alle skal ha høve til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljøa skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv i «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027» at kulturmiljøa våre er kjelder til kunnskap om Norges historie, og om eit mangfaldig samspel mellom natur, klima og menneska sine liv og virke i heile landet. Rapporten «Kulturmiljø som innsatsfaktor for lokal og regional utvikling» er frå eit praktisk samarbeidsprosjekt der folk frå forskarar og rådgjvarar frå riksantikvaren og fylkeskommunar. (NIBR-rapport 2024:2). Med bakgrunn frå praktisk arbeid med ulike verdiskapingsprosjekt, utvikla dei ein modell for bevaring og utvikling med anbefalingar. Å ta kulturmiljø i bruk som ressurs for verdiskaping til bl.a. reiselivsformål (kap. 4) inneber samstundes ei plikt til å forvalte kulturmiljøa slik at verdiane blir tekne vare på for komande generasjonar.

«Kulturmiljø kan brukes som ressurs i samfunnsutviklinga, og bidra til miljømessig, sosial og økonomisk bærekraft. Fortsatt

bruk, gjenbruk og transformasjon av historiske bygninger og bygningsmiljøer kan bidra til trivsel og attraktivitet på både store og små steder. Kulturmiljø kan også tilrettelegges slik at det stimuleres til friluftsliv og fysisk aktivitet. Fylkeskommunene og kommunene har en sentral rolle i å ivareta et mangfold av kulturmiljø gjennom samfunns- og arealplanleggingen».

Prosjektet viser til at å arbeide med kulturmiljø kan bidra til berekraftig reiseliv. Det er mange høve for å nå nærmarknadane, som t.d. fritidsinnbyggjarane i Hemsedal, ved å bidra til interessante reiselivsopplevingar gjennom heile året. Kulturopplevingar kan og trekk til seg fleire betalingsvillige turistar og bidra til lengre opphald.

«En viktig ambisjon i det kulturmiljøbaserte utviklingsarbeidet framover bør være å prøve ut gode modeller for besøksforvaltning i flere kommuner, blant annet med grunnlag i Nordland fylkeskommunes pilotprosjekt for besøksforvaltning» .

Regionale føringar – kulturarven som ressurs

Buskerudplanen

Ny regional plan «Med hjarte for Buskerud» er til høyring våren 2026. Her lanserer fylket tre tiltak som får direkte betydning for kulturmiljø og kulturlandskap: besøksforvaltning, samskaping og stadkjensle. Ein legg opp til brei involvering, fordi «forskning viser

at brei involvering og kompetanse reduserer konflikter, styrker legitimitet og aukar lokal verdiskaping per besøk». (Den tidlegare regionale planen Kulturminnekompasset gjeld ikkje lenger. Men dokumentet kan likevel fortsatt brukast som kunnskapsgrunnlag. Vegleiaren for skilting og skjøtsel gir nyttige råd for formidling av kulturminne og kulturmiljø, og oversikta over verneverdige kulturmiljø viser område av regional kulturhistorisk verdi.)

Besøksforvaltning

Tiltaket Buskerud som besøksattraktiv region er kunnskapsbasert besøksforvaltning med felles retning, prinsipp og metodar som balanserer bruk, vern og verdiskaping. Fylket inviterer til samarbeid om; felles bruk og deling av data om besøksinnsikt, sårbarheit og toleevnevurderingar. Ein inviterer også pilotar for testing av verktøy, metodar og arbeidsformer for kunnskapsbasert besøksforvaltning. Forventa effekt er balanse mellom bruk og vern, færre konflikter, meir tillit gjennom føreseieleg offentleg forvaltning, og meir lokal verdiskaping per besøk. Kulturmiljøplanen byggjer på desse prinsippa og legg til rette for ei slik satsing.

Samskaping

Tiltaket Natur og kultur som fortrinn skal kople kulturarv til berekraft og lokal utvikling. Tre delbidrag handlar om utvikling, deling og synleggjering av kunnskap. Dette bidreg til å bevare og forsterke Buskerud sine natur- og kulturverdiar som eit fortrinn,

ved å vidareutvikle tverrfaglege arenaer for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling. Felles samarbeidsprosjekt på tvers av fag, forvaltningsnivå og sektorar. Her skal tilskotsordningar og medverknadsprosessar bidra til utvikling av kulturlivet, og styrke kulturen som grunnmuren i heile samfunnsutviklinga. Forventa effekt er at natur, kulturmiljø og kulturliv blir kartlagt og delt, og dermed synlege verdiar, noko som aukar bulyst og blilyst. Hemsedal kommune har god erfaring med slike arbeidsmåtar. Kulturmiljøplanen vart utvikla med støtte frå Riksantikvaren og med brei medverknad frå fagfolk på regionalt og lokalt nivå. Planen legg opp til slik samskaping, og det er ei god gruppe med lokale ressurspersonar som står klar til å vere med vidare.

Stadkjensle

Buskerud mot 2030. Svakare stadkjensle reduserer demokratisk deltaking, bulyst, beredskap og evna til å samarbeide om nødvendige omstillingar. Lokal identitet er ein viktig innsatsfaktor i en regional identitet med felles forteljingar mot tusenårsjubileet. Felles kultur- og formidlingsprosjekt skal gi meir refleksjon kring samfunnsutvikling, demokrati og fellesskap. Samarbeid på tvers for å løfte handverkstradisjonar, kulturarv og identitet, og skape fleire møteplassar og stader for kunnskap, opplevingar og bruk. Kulturmiljøplanen har mange tiltak i handlingsplanen som passar godt inn her.

Regionale planretningsliner

Kulturarv er ein viktig felles ressurs for alle, og ein av våre

viktigaste verdiar. Kulturarven skal bidra til at folk kjenner dei høyrer til, at buplassen er attraktiv og fører til bulyst og verdiskaping. Ved å utarbeide og bruke oppdatert kunnskap om våre viktigaste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, blir det lettare å ta gode avgjerder. Planprosessen blir meir føreseieleg, noko som kan dempe konflikter til andre samfunnshensyn. Utvalde kulturminne og kulturmiljø kan dermed bidra til verdiskaping og rikare opplevingar for innbyggjarar i generasjonar framover. For å sikre ei trygg, føreseieleg og fremtidsretta utvikling for kulturarven, må vi vere einige om nokre felles prinsipp og klare retningsliner:

- Viktige kulturminne og kulturmiljø skal sikrast i kommuneplanen sin arealdel
- Kulturmiljø og landskap av nasjonal og regional interesse (KULA), utvalde kulturlandskap (UKL), og kulturmiljø i kommunale kulturmiljøplanar skal leggjast inn som hensynssone i arealplanar.
- Nye utbyggingstiltak skal ta hensyn til, og tilpasse seg, freda og verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Klimaplan Hallingdal 2024-2028, sikkerheit og beredskap.

Framtidsretta agronomi: Disponere areal på en måte som fremjar bevaring av karboninnhald i jorda, til dømes ved å bevare kulturlandskap

Klima og miljøvenleg nærings-og reiseliv: Reiselivet har dialog med nasjonalparkforvaltar, oppsynsmann, kommuneadministrasjon og andre aktørar for å forsikre seg om minimal belastning og slitasje på natur og kulturressursar, samt sørge for korrekt informasjon til besøkande. Besøksforvaltning: Utarbeide besøksstrategi og sårbarheitsanalyse i tilknytning til sårbare område/område med mykje besøk

Bygg, anlegg og eigedom: Bevarar naturen og landskapet på ein måte som gjer at komande generasjonar får like stor nytte og glede av det som vi gjer i dag. Arbeide for at ein tek hensyn til landskapet sin fysiske og visuelle integritet ved hytteutbygging. Skjerme urørt landskap med viktig naturmangfald eller friluftsiinteresser mot utbygging

Reduksjon av direkte klimagassutslepp: Stimulere til meir utmarksbeiting, også for å bevare kulturlandskap

Kommunale føringar i Hemsedal kommune sin samfunnsplan med arealdelen og ulike temaplanar

Gjeldande planar:

Kommuneplanens samfunnsdel

Styrkane skildra i framtidsbiletet som samfunnsplanen legg til grunn, høver godt for arbeidet med kulturmiljøplanen:

«Hemsedal sin eigenart spring ut av tre forhold: Natur, næring og mentalitet. Naturen er prega av tøffe og varierte fjellformasjonar, men også ein relativt brei og open dalbotn. Landbruket var likevel karrig så høgt til fjells og utfordringa dette gav skapte ein mentalitet som ligg bak Hemsedal sin vekst frå fattigbygd til velstandssamfunn; ta vare på dei mulegheitene som finst, bygge stein på stein og lite på egne krefter.

Hemsedal opplever no ei rivande utvikling innanfor turisme. Det er viktig at ein også i tida fram-over klarer å halde ved like landbruket og kulturlandskapet så godt som ein har gjort i Hemsedal, da denne historiske arven gir eit fortrinn med tanke på dei trendane som gjer seg gjeldande innanfor reiseliv. Greier ein å kombinere dette med ei tilsvarande satsing på kulturell sær eigen-heit, mellom anna dialekta, vil ein også i tida framover kunne klare å skilje seg ut og bevare Hemsedal sin identitet. Skal Hemsedal opplevast som ekte og eigenarta, krevst det større medvit om og målretta arbeid med denne sida ved reisemålet». (kjelde v/ Kjell Snerte).

Samfunnsplanen viser til endringar som påverkar kulturlandskapet: fjellandbruket, ferdsel til fjells/over fjellet og reiselivet. Og kvifor det er viktig å involvere folk i utviklingsarbeidet:

Eit variert kultur- og friluftsliv får vi ved å involvere innbyggjarane for utvikling av lokalsamfunnet (Kommune 3.0); Stimulere

utvikling og samhandling mellom skule og frivillige organisasjonar, utvikle innbydande og attraktive sosiale møteplassar gjennom bevisst estetikk og byggeskikk; Vidareutvikle kulturmiljø som viktige identitets- og opplevingstilbod og skape vitale og attraktive tettstadssentrum.

Kulturminne, naturmiljø og kulturlandskap tek vi vare på gjennom bruk: Ved å gjere friluftsområde og kulturminne meir tilgjengelege gjennom bevisst folkehelsearbeid. Auke kunnskapen om miljø hjå barn og unge, og bruke frivillige som ressurs. Og ved å kartlegge og ta vare på verdifulle naturområde.

Langsiktig og heilskapleg arealbruk skal skjerme samanhengande natur- og landbruksområde slik som nordsida av dalen, f.o.m Skogshorn t.o.m Høgeloft. Oppretthalde verdien av viktige jordbruks-, støls- og beiteområde med vekt på dyrka mark, ivareta biologisk mangfald og landskap.

Eit landbruk bygd på framtidstru og miljø kan vi få ved å sikre god samhandling mellom landbruk og turisme, stølsbruk og kulturlandskapspleie.

Kulturmiljøplanen gir kjøt på beinet til desse strategiane og bidreg til å nå delmåla over.

Plan for Friluftsliv, Idrett og Fysisk aktivitet

FIFA-planen, vedteken i 2023, inneheld også ein sti- og løypeplan) peikar ut tre satsingsområde:

Grøn mobilitet og tilgjengelege og attraktive nærområde. Godt samarbeid med kommunen om oppfølging av strategiane vil vere gode rammer for vidare arbeid.

- Saman for ei aktiv bygd.
- Proaktiv besøksstrategi.

I Hemsedal har vi få område som ikkje er påverka av beitebruk og andre utmarksnæringar. Det meste er kulturlandskap, og folk går på tur – over alt. Pilotprosjektet på besøksforvaltning (2024-2026) var ei direkte oppfølging av FIFA- planen. Prosjektet fekk støtte frå Riksantikvaren til verdi-skaping på kulturmiljøområdet. Forstyrning av beitedyr og tragiske hendingar med laushund, betyr mykje for trivselen til dei som driv i beitenæringa. Tiltak med fokus på trivsel og omsorg, for dei som bur i bygda, for natur- og kulturlandskapet, og for dei som kjem på besøk vart difor sett i gang. Informasjon, tilrettelegging og oppsyn vart testa ut for styring av ferdsel både nede i bygda, i utmarksbeitene i skogen, kring stølane og på fjellet. Kompetansenettverk og samarbeidstiltak med brukargrupper frå reiseliv, idrett og friluftsliv i bygda vart etablert. Nokre kulturmiljø er så sårbare at dei ikkje toler besøk, andre stader kan ein opne for forsiktig bruk dersom ein får til god tilrettelegging og har opplegg for oppsyn og

vedlikehald. Nokon av strategiane som vaks fram frå dette arbeidet støttar delmåla i samfunnsplanen og må difor takast vidare med inn i arbeidet med arealplanen og kulturmiljøplanen der dette er tenleg.

Beitebruksplan

Målsetjinga med beitebruksplanen som vart vedteken i 2018, er å bevare gode beiteområde som ressurs for noverande og framtidig matproduksjon og tilleggsnæringar gjennom kartlegging, synleggjering og verdisetting av beiteressursane. Planen skal legge til rette for å unngå konflikhtar mellom dei ulike interessentane i utmarka. Kulturmiljøplanen viser korleis ein gjennom besøksforvaltning kan legge til rette for oppleving og bruka av kulturmiljøa, noko som aukar forståinga for beitebruken og dempar konflikter. (s.7)

Kulturmiljøplanen er på med å dokumentere verdien av utmarksbeite i landbruksnæringa og synleggjer viktige kulturlandskap som er avhengig av beitebruk på kart. Kulturmiljøplanen og tiltaka der set fokus på tiltak som styrkar beitenæringa, og førebygger og reduserer konflikhtar. For å bevare viktige kulturlandskap bidreg kulturmiljøplanen til å sikre at beitenæringa har tilgang på areal og ressursar også i framtida

Naturmangfaldsplanen

I kommunedelplan for naturmangfald i Hemsedal (2023-2027) står det at Hemsedal har stor variasjon i natur. Det er mykje fjell-

og våtmarksområde, kulturlandskap og vassdrag i tillegg til skog i dalbotnen og opp mot fjellet. Den store variasjonen i natur gjev også grunnlag for levestadar for mange artar. Dei nordvestlege delane av Hemsedal er ein del av levestaden til villreinen i Nordfjella og det er knytt stort artsmangfald til kulturlandskap som har vorte halden i hevd gjennom mange generasjonar. Det er knytt kulturminne og kulturmiljø til dei fleste av desse stadane. Sjølv høgt til fjells finn vi fangstanlegg for villrein som vart brukt frå steinalder og nesten fram til vår tid. Biomangfaldkartlegginga viser til rike forekomstar av kulturartar og understøtter slik valet av mange av dei utvalde kulturlandskapsområda.

Skjøtsel og attgroing. Dei fleste kulturlandskap treng kultivering for ikkje å endre karakter. Mange stader skjer endringar på grunn av at anna arealbruk tek over. For alle artar som er avhengig av skjøtsel er og nedlegging med påfølgjande attgroing ein stor trugsel mot det biologiske mangfaldet. Dette gjeld spesielt for artane i kulturlandskapet. Slåttemarker og naturbeitemarker gror att på grunn av endra bruk av desse areala i tillegg til færre dyr på beite.

Tiltaksplanen viser til mål om å kartlegge verdifulle kulturlandskap både i bygda og i stølsgrendene. Og å oppmuntre grunneigarar til å ta i bruk finansieringsordningar som støttar tiltak innan kulturlandskap og kulturmiljø.

Under arbeid frå 2025

Arealdelen av kommuneplanen

Hemsedal kommune er i gang med å revidere kommuneplanens arealdel, med sikte på ein ny plan for perioden 2024-2036. Dette arbeidet inneber ein gjennomgang av eksisterande planar, inkludert ein "planvask" av over 120 tidligare vedtekne planar, der ein ser på arealutnytting, hyttebygging og framtidige behov.

Status (2026): Arbeidet med revisjonen pågår, og det har vore gjennomført felles folkemøte i samband med kulturmiljøplanen og besøksforvaltningsprosjektet for å få innspel frå innbyggjarane om utvikling, kvalitetar og utfordringar. Mange av innspela som gjeld kulturmiljø er difor godt ivareteke og fanga opp, også av arealplanleggjar. Den nye planen vil leggje sterk vekt på arealutnytting, med fokus på fordeling mellom hyttebygging, sentrumsutvikling og bevaring av natur. Planvasken ser spesielt på 122 eldre planar for å vurdere om dei framleis er aktuelle.

I Hemsedal finn ein mange landskap med store kulturlandskapsfaglege verdiar som er med å forme stadkjensla og representerer store opplevingsverdiar som er viktige for innbyggjarar og gjester i bygda. Kulturmiljøplanen foreslår å ta inn nokon av dei karakteristiske kulturminne- og kulturmiljøområda i arealplanen. Dei kan, dersom det er ynskjeleg også få ein hensynssone med tilhøyrande retningsline eller bestemmelsar i arealdelen av kommuneplanen.

Andre planar som er under utarbeiding

I tillegg til arbeidet med ny arealdelplan, held Hemsedal kommune på med å oppdatere fleire planar som gjeld kulturmiljø og kulturlandskap: Ny strategisk næringsplan og ny landbruksplan, samt revidering av beitebruksplanen. Det er særleg fokus på å balansere landbruksinteresser med auka ferdsel, hytteutbygging og villreinstablering i Nordfjella.

Hemsedal som turist- og landbruksbygd inneber både utfordringar og mulegheiter. Hemsedal er største mjølkeprodusent i Buskerud, med om lag 800 mjølkekyr. Handtering av press på landbruksareal frå reiseliv, hyttebygging og infrastruktur er eit sentralt tema. Ivaretaking av kulturlandskap, utnytting av utmarksbeite og tiltak for å redusere klimagassutslepp er eit anna viktig fokusområde.

Kulturplan

Arbeidet med å utarbeide ein kulturplan er så vidt starta opp. Immaterielle kultur-verdiar blir tekne med i kulturplanen. Det er verdiar som td. har med utøvande kunst og kultur, song og musikk å gjere, eller handverk, språk osv. Når denne kulturen kan knytast til og er viktig for forståinga av fysiske kulturminne, kan det vere rett å ta det med også i kulturmiljøplanen. Td. historier knytt til segn og forteljingar, dramatiske hendingar, ulykker eller stadnamn og dialektord, dialektnamn. (t.d. Eldrehaugen og Klokkarsteinen).

